

Straffelova § 219 om mishandling i nære relasjonar:

*Kvar går grensa for kva som er "grovtt eller
gjentatt mishandler"*

- Særleg om relasjonen mellom første og andre ledd.

Kandidatnummer: 195003

Vegleiar: Linda Gröning

Antal ord: 14974



JUS399 Masteroppgåve
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

10.12.2013

”Det som oppnåas med vald kan berre behaldast med vald”
- Mahatma Gandhi

Innhaldsteikning

| | |
|---|--------------|
| Innhaldsteikning..... | s. 3 |
| 1. Innleiing..... | s. 5 |
| 1.1 Tema og problemstilling..... | s. 5 |
| 1.2 Kvifor er problemstillinga viktig å avklare?..... | s. 5 |
| 1.3 Kjelder og metode..... | s. 6 |
| 1.4 Vegen vidare..... | s. 8 |
| 2. Mishandling og vald i nære relasjonar som fenomen..... | s. 9 |
| 2.1 Kva er vald i nære relasjonar – omgrepsavklaring..... | s. 9 |
| 2.2 Omfanget av vald i nære relasjonar – eit samfunnsproblem..... | s. 10 |
| 3. Kort om bakgrunnen for og innhaldet i straffelova § 219..... | s. 11 |
| 3.1 Behovet for straffelova § 219 – rettshistorikk..... | s. 11 |
| 3.2 Straffelova § 219 generelt..... | s. 12 |
| 3.3 Straffelova 2005 – heilt kort..... | s. 14 |
| 4. Nærmare om vilkåra i straffelova § 219 første ledd..... | s. 14 |
| 4.1 Dei ulike krenkingsalternativa..... | s. 14 |
| 4.1.1 ” <i>På annen måte krenke</i> ” – utelukkande psykisk vald..... | s. 16 |
| 4.2 Dei kvalifiserande vilkåra i første ledd; ” <i>grovtt eller gjentatt</i> ”..... | s. 18 |
| 4.2.1 Samanfattande om vilkåra..... | s. 18 |
| 4.2.2 Vilkåret ” <i>gjentatt</i> ”..... | s. 18 |
| 4.2.3 Vilkåret ” <i>grovtt</i> ”..... | s. 21 |
| 4.2.4 Nærmare om relasjonen mellom dei kvalifiserande vilkåra i straffelova § 219 første ledd..... | s. 22 |
| 4.2.5 Ei samla vurdering av kva som fell inn under straffelova § 219 første ledd..... | s. 26 |
| 5. Nærmare om vilkåra i straffelova § 219 andre ledd..... | s. 27 |
| 5.1 Innhaldet i straffeskjerpingsregelen..... | s. 27 |

| | |
|--|--------------|
| 5.2 Vilkåret ” <i>grov</i> ” etter andre ledd..... | s. 28 |
| 5.3 Straffelova § 219 andre ledd andre punktum | s. 30 |
| 5.3.1 Tidsmomentet..... | s. 30 |
| 5.3.2 Forhold nemnd i straffelova § 232..... | s. 31 |
| 5.3.3 Andre moment av vekt i straffeutmålinga..... | s. 32 |
| 5.3.4 Særleg om born som vitne til vald..... | s. 35 |
| 5.4 Dersom den fornærma som følge av handlinga ” <i>dør eller får betydelig skade på legeme eller helse</i> ”..... | s. 36 |
| 6. Relasjonen mellom vilkåret ”<i>grov</i>” i straffelova § 219 første og andre ledd..... | s. 39 |
| 7. Oppsummering og vurdering..... | s. 43 |
| 7.1 Samanfattande om innhaldet i straffelova § 219..... | s. 43 |
| 7.2 Bør føresegna endrast?..... | s. 45 |
| 8. Kjelderegister..... | s. 47 |

1. Innleiing

1.1 Tema og problemstilling

Temaet for denne oppgåva er mishandling og vald i nære relasjonar. Oppgåva inneheld ei rettsdogmatisk avklaring av og diskusjon om innhaldet i straffelova § 219.¹ Oppgåva skal fokusere på å klargjere dei vilkåra som føresegna oppstiller, og det vil rettast eit særleg fokus på relasjonen mellom første og andre ledd i straffelova § 219. Spørsmålet er korleis straffelova § 219 skal forståast, om den er adekvat utforma. Difor blir det også diskutert om føresegna bør endrast. Oppgåva inneheld såleis ein rettspolitisk diskusjon, *de lege ferenda*.

I samband med avklaringa av relasjonen mellom straffelova § 219 første og andre ledd, er oppgåva si problemstilling særleg; *kvar går grensa for kva som er "grov" eller gjentatt mishandler*. Då vilkåret og termen *"grov[t]"* brukast både i første og andre ledd, må det også takast stilling til korleis vilkåret *"grov"* skal forståast i andre ledd, sett i lys av at det også nyttast i straffelova § 219 første ledd. Ein føresetnad for å forstå relasjonen mellom første og andre ledd er ei klarlegging av innhaldet i vilkåra i føresegna – altså kva vilkåra inneber, og kva som må til for at handlingane i det heile kan falle inn under straffelova § 219.

1.2 Kvifor er problemstillinga viktig å avklare?

Oppgåva tek utgangspunkt i at innhaldet i straffelova § 219 ikkje er heilt klarlagt når det gjeld spørsmålet om kva handlingar som omfattast av føresegna. Særleg grensa og relasjonen mellom straffelova § 219 første og andre ledd verkar terminologisk upresis, då vilkåret *"grov[t]"* blir brukt i begge ledda i straffebedret. I tillegg inneheld føresegna skjønnsmessige vilkår som famnar om mykje, og dermed kan vere vanskelege å tolke.

Straffelova § 219 synest vidare uklar, då det ikkje går tydeleg fram korleis dei ulike vilkåra i føresegna heng saman, eller skal tolkast. Den naturlege språklege forståinga av vilkåret *"grov"* tilseier at ordlyden omfattar det same, både i første og andre ledd. Då andre ledd har ei skjerpa strafferamme, kan dette lett føre til språkleg forvirring. Det må leggjast til grunn at den måten straffelova § 219 første ledd blir tolka på, også vil ha betydning og heng saman med korleis vilkåra i straffeskjerpingsregelen i andre ledd skal tolkast og brukast.

¹ L 22.05.1902 nr. 10 Almindelig borgerlig Straffelov (Straffelova)

Uklare strafferettsføresegner er uheldig for dei som skal praktisere rettsreglane. At straffelova § 219 verkar terminologisk uklar, blir også støtta opp av at mange politiadvokatar finn føresegna komplisert å bruke, mellom anna fordi paragrafen er gjenstand for fleire skjønnsmessige vurderingar.² Politiadvokatar har også uttalt at dei oppfattar familievaldsføresegna som ”ullen”³. Det vil difor vere viktig både for politiet og rettsapparatet elles, å få klarleik i kva straffelova § 219 omfattar og kva som ligg i dei ulike vilkåra. Dette vil styrke ein vidare konsekvent rettsbruk av føresegna, som igjen vil sikre rettstryggleiken.

Også riksadvokaten er klar på at straffelova § 219 reiser ulike tolkingsspørsmål, mellom anna ”*hvilke handlinger som – alene eller ved gjentagelse – kan konstituere slik mishandling som bestemmelsen rammer (...) og hvor terskelen skal ligge for bruk av straffeskjerpesregelen i annet ledd.*”⁴

Då familievald straffast hardt, vil det vere av stor betyding å klарleggje kva som fell inn under straffelova § 219 første og andre ledd, særleg sett i lys av at like tilfelle skal behandlast likt. Det er problematisk at det ikkje finnast klare retningslinjer på kva som er avgjerande for kvar ein skal plassere ulike handlingar i føresegna. Kvar ein plasserer dei straffbare handlingane i lovverket, har mykje å seie både for straffeutmåling og kva type soning domfelte blir pålagt. Det er imidlertid viktig å ha i minnet at det alltid må takast ei individuell skjønnsmessig vurdering i kvar enkelt sak.

Dei nye føresegnene i straffelova 2005⁵ som regulerar familievald, er ikkje meint å innebere noko realitetsendring frå straffelova § 219 slik den er i dag.⁶ På bakgrunn av dette vil grensedraginga kunne vidareførast også når straffelova 2005 trer i kraft.

1.3 Kjelder og metode

Oppgåva består i stor grad av ei rettsdogmatisk forklaring av innhaldet i gjeldande rett, *de lege lata*. Avslutningsvis vil det også takast ei rettspolitisk drøfting.

² Aas (2013) s. 240

³ Aas (2013) s. 248

⁴ Statsadvokatmøtet 2011 punkt 3

⁵ L2005.2005 nr 28 Lov om straff § 282 og § 283 (Straffelova 2005)

⁶ Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 433

I avklaringa av gjeldande rett vil oppgåva ta utgangspunkt i allminneleg juridisk metode, slik denne blir framstilt i juridisk teori. Det blir teke utgangspunkt i lovtekst, forarbeid, rettspraksis og andre kjelder av rettskjeldemessig vekt.

Den primære kjelda i oppgåva er lovteksta, og den naturlege språklege forståinga av denne. Forarbeida⁷ til straffelova § 219 vil nyttast for å forstå bakgrunnen for føresegna og tydinga av ord og uttrykk.⁸ Forarbeida vil også gje retningslinjer for kvar det vil vere naturleg å trekke grensa mellom første og andre ledd i føresegna. Legalitetsprinsippet på strafferetten sitt område⁹ fører til at lovføresegna blir ein tungtvegande rettskjeldefaktor i oppgåva, og Høgsteretspraksis vil tilleggjast vekt med tanke på omsynet til føreseieleghet og likebehandling.¹⁰ Rettspraksis frå Høgsterett har stor rettsleg legitimitet og rettskjeldemessig vekt.

Dei viktigaste dommane¹¹ frå Høgsterett vil hovudsakleg bli brukt til å kartlegge og analysere om det ligg føre samanfallande kriterium for kvar grensa går mellom straffelova § 219 første og andre ledd, og korleis vilkåret ”grov” skal tolkast i første og andre ledd.¹² Når det gjeld gjengjevinga frå rettspraksis, er formuleringane i stor grad ei oversetting av domsgrunnane frå bokmål til nynorsk, med tilvisning til dei aktuelle domsavsnitta i fotnotar.

Av juridisk teori vil det bli nytta litteratur som omhandlar straffelova § 219 om vald i nære relasjonar, og som er relevant for problemstillinga.

Den nye straffelova 2005 og forarbeida¹³ til denne lova, vil vere relevant å nytte i tolkinga av den neverande straffelova § 219, og blir difor vist til i drøftingane. Straffelova 2005 er enno ikkje vedteken.

⁷ Sjå m.a Ot.prp nr.113 (2004-2005), Ot.prp. nr.115 (2005-2006)

⁸ Eckhoff (2001) s. 70

⁹ Sjå Grunlova § 96

¹⁰ Bertnes, Kongshavn, Trygstad (2012) s. 46

¹¹ Det vil hovudsakleg bli brukt rettspraksis gjeven etter 2005, pga lovendringa i Ot.prp. nr. 113 (2004-2005) Lov 21.des.2005 nr. 131, som trådte i kraft i 2006

¹² Eckhoff (2001) s. 161

¹³ Ot.prp. nr. 22 (2008-2009)

Då den gjeldande retten ikkje kan avklarast deskriptivt frå kjeldene, skal rettskjeldene tolkast og systematiserast i lys av teorien og retten sin interne koherens. Det er samanhengen i rettskjeldene som kan vise kva som er gjeldande rett.

I den avsluttande, rettspolitiske diskusjonen er spørsmålet korleis regelen bør utformast, slik den blir føreseileg, begripeleg og praktisk tilpassa. Denne delen av oppgåva stiller seg dermed friare til innhaldet i gjeldande rett, og ser meir på føresegas sin funksjon og grunngjevinga for utforminga av denne.

1.4 Vegen vidare

Oppgåva sin hovuddel følgjer under i kapittel 2 – 6, og kvart kapittel er inndelt i fleire underpunkt. Avslutninga i oppgåva følgjer under kapittel 7.

Først vil det i kapittel 2 visast til mishandling i nære relasjonar som fenomen og samfunnsproblem, som underbyggjer kvifor det er viktig å svare på problemstillinga i oppgåva. Det blir også gjort ei omgrepssforklaring av dei ulike omgrepa og vilkåra i straffelova § 219. I tillegg blir det i kapittel 3 kort gjort greie for rettshistorikken og litt om føresegna generelt. Kvifor den nye straffelova 2005 vil vere relevant i oppgåva, vil også kome fram.

Vidare vil drøftinga i kapittel 4 gå nærmare inn på vilkåra i første ledd og kva som må til for at § 219 kjem til bruk i det heile. Det vil også bli forsøkt å avklare korleis ein skal tolke vilkåra som nyttast i første ledd. Vilkåra ”*grov* eller *gjentatt*” vil drøftast og forklarast inngåande, då dette er ein sentral del av problemstillinga. Korleis ein tolkar relasjonen mellom vilkåra i første ledd i straffelova § 219 er, som allereie nemnd, viktig for forståinga av når første ledd kjem til bruk, og må også bli sett i samband med kva § 219 andre ledd omfattar.

Kva type mishandling straffelova § 219 andre ledd omfattar, og kor grov denne må vere, drøftast grundig i kapittel 5. Det blir gjennomgått kva vilkåret ”*grov*” i straffeskjerpingsregelen inneber, og kva moment det er relevant å leggje vekt på i vurderinga av om mishandlinga fell inn under andre ledd. Etter denne gjennomgangen er det i kapittel 6 naturleg å sjå på relasjonen mellom første og andre ledd i straffelova § 219.

Avslutningsvis blir det i kapittel 7 presentert ei oppsummering og vurdering av innhaldet i straffelova § 219, på bakgrunn av drøftingane gjort i hovuddelen. Det blir også teke stilling til om straffeføresegna bør endrast eller utformast annleis.

2. Mishandling og vald i nære relasjonar som fenomen

2.1 Kva er vald i nære relasjonar – omgrepsavklaring

Oppgåva sitt tema er mishandling og vald i nære relasjonar, og det er av den grunn viktig å ha ei viss forståing av kva som meinast med denne typen vald. ”Vald” eit omgrep som kan femne om mykje. På eit allment grunnlag må det difor gjerast ei kort omgrepsforklaring. Straffeloven § 219 kriminaliserer den som utøvar ”*vold*” mot personar som dei har ein nær relasjon til. Folk flest har ofte ei forståing av at vald er ein kvar bruk av fysisk makt for å skade andre.¹⁴

Ein definisjon som er mykje brukt, både i Noreg og internasjonalt, er Per Isdal sin definisjon om vald, som seier at ”*Vold er enhver handling rettet mot en annen person gjennom at denne handlingen skader, smarter, skremmer eller krenker, får denne personen til å gjøre noe mot sin vilje, eller slutter å gjøre noe den vil*”.¹⁵ Døme på handlingar som fell inn under definisjonen er fysisk vald, seksuell-og materiell vald, i tillegg til psykisk-og latent vald.¹⁶ Denne definisjonen vil nyttast som utgangspunkt vidare i oppgåva, då den er eigna til å fange opp det komplekse og heilskaplege som kan kallast mishandling eller vald i nære relasjonar.

Ein nærlasjons betyr tradisjonelt at ein kjenner nokon godt. Når det skjer vald i ein nærlasjons er overgriparen og offeret anten i familie med kvarandre, vennar, eller dei betyr mykje for kvar andre i kvardagen, på ein eller annan måte.¹⁷ Vald i nære relasjonar kallast også ofte for familievald.

¹⁴ Isdal (2000) s. 35

¹⁵ Isdal (2000) s. 36

¹⁶ Isdal (2000) s. 35

¹⁷ Dolve, Grønningen (2009) s. 3

Mishandling i nære relasjoner har i litteraturen også blitt kalla ”intim terror”, der makt bruk og ikke-valdelege kontrollstrategiar blir brukt i eit serielt og gjentatt mønster.¹⁸

Det er viktig å hugse på at ikkje alle handlingar som kallast vald i nære relasjoner eller familievald vil kunne straffast etter straffelova § 219. Føresegna i § 219 femnar altså ikkje om alle handlingar som kan karakteriserast som slik vald eller mishandling. Det er dermed ikkje direkte samstemmigheit mellom dei handlingane som § 219 kriminaliserer, og det allmenne omgrepene om ”vald i nære relasjoner” og ”familievald”.

Det er likevel ikkje berre straffelova § 219 som regulerar valdshandlingane som kan reknast for vald i nære relasjoner. Straffelova §§ 222 og 227 regulerar tvang og truslar medan § 223 kriminaliserer fridomstap. Vald, under dette fornærmingar og krenkingar mot lekam, liv og helse, blir regulert av straffelova §§ 228 – 231. Denne oppgåva diskuterer berre familievald i relasjon til dei handlingane som straffelova § 219 kriminaliserer.

2.2 Omfanget av vald i nære relasjoner – eit samfunnsproblem

Talet på meldingar til politiet som gjeld vald i nære relasjoner, har auka kraftig dei siste åra.¹⁹ I 2011 blei det registrert 2604 meldingar for mishandling i familieforhold.²⁰

Omfangsundersøkingar som er gjennomført i Noreg dei siste åra viser at mellom 75.000 og 150.000 personar kvart år utsettast for vald i nære relasjoner.²¹ Krenkingar som skjer innanfor familien blir sjeldan meldt, og blir dermed ikkje registrert i myndighetene sin statistikk. På området for mishandling i nære relasjoner er det stor skjult kriminalitet, og store mørketal.²²

¹⁸ Haaland, Clausen, Schei (2005) s. 114 jf Leone, Johnson, Cohan og Lloyd (2004)

¹⁹ Sjå <http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/Kraftig-vekst-i-anmeldelser-for-vold-i-nare-relasjoner-7237652.html#.Uhc8X2R5wsQ> og <http://www.dagbladet.no/2013/07/03/nyheter/anmeldelser/politi/innenriks/28021200/>

²⁰ Meld. St. 15 (2012-2013) Figur 3.1

²¹ Handlingsplan, *Et liv uten vold*, s. 6

²² Sjå Andenæs (2008) s. 29

Vald i nære relasjoner er eit stort samfunnsproblem, både utifrå eit kriminalitets-, helse-, likestillings- og oppvekstperspektiv.²³ Kvart år kostar vald i nære relasjoner det norske samfunnet mellom 4,5 og 6 milliardar kroner.²⁴

3. Kort om bakgrunnen for og innhaldet i straffelova § 219

3.1 Behovet for straffelova § 219 - rettshistorikk

Straffelova § 219 har sidan 1902 regulert vald i nære relasjoner, og straffa den som ved ”...vanrøgt, mishandling eller anden lignende adfærd oftere eller grovt krænker sine pligter mod egtefælle eller barn eller mod nogen hans husstand tilhørende eller hans omsorg undergiven person...”.²⁵ Føresegna vart endra og fekk sitt noverande innhald i 2005, og blei verksam i 2006.²⁶ Kvinnevaldsutvalet anbefalte at straffelova § 219 frå 1902 skulle endrast, då vald i nære relasjoner blei vurdert som eit alvorleg samfunnsproblem, og at føresegna frå 1902 ikkje fanga opp kompleksiteten og heilskapen i slike saker. Føresegna var meint å gje særleg valdsutsette kvinner eit sterkare rettsvern, og utvalet ønskja føresegna utforma slik at den også ramma psykisk vald.²⁷

I 2010 blei den øvre strafferamma i § 219 ledd auka frå fengsel i 3 år, til 4 år.²⁸ I straffelova 2005 er § 219 første og andre ledd delt opp i eigne paragrafar, der den øvre strafferamma for grov mishandling i nære relasjoner er sett til 15 år.²⁹

Mishandling og vald i nære relasjoner får eit stadig større fokus og har vore eit tema for fleire utredningar, stortingsmeldingar, lovforslag og handlingsplanar dei siste åra.³⁰ Riksadvokaten har også uttrykt at kamp mot denne typen vald er ei høgt prioritert oppgåve for regjeringa,

²³ Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2012 s. 4

²⁴ Vista Analyse (2012) s. 7

²⁵ Sjå Indst. O. I (1901-1902) s. 92

²⁶ Innst.O.nr. 10 (2005-2006)

²⁷ NOU 2003: 31 s. 14

²⁸ Sjå Prop. 97 L (2009-2010) s. 45.

²⁹ Jf Straffelova 2005 § 283

³⁰ Sjå m.a Meld. St. 15 (2012-2013), Handlingsplan, *Et liv uten vold*, NOU 2003: 31, Handlingsplan mot vold i nære relasjoner, Handlingsplanen *Vendepunkt*, Riksadvokaten nr.3/2008 og Prop. 97 L (2009-2010)

som skal gjevast særleg merksemrd.³¹ Den vesentleg skjerpa strafferamma i den nye straffelova 2005 syner også at denne forma for mishandling blir teke på alvor.

3.2 Straffelova § 219 generelt

Straffelova § 219 er teken inn i straffelova sin andre del om forbrytelser, det 20de Kapitel, som gjeld ”Forbrydelser med Hensyn til Familieforhold”.

Straffelova § 219 lyd som fylgjer:

Den som ved å true, tvinge, begrense bevegelsesfriheten til, utøve vold mot eller på annen måte krenke, grovt eller gjentatt mishandler

- a) sin tidligere eller nåværende ektefelle eller samboer,*
- b) sin eller tidligere eller nåværende ektefelles eller samboers slekting i rett nedstigende linje,*
- c) sin slekting i rett oppstigende linje,*
- d) noen i sin husstand, eller*
- e) noen i sin omsorg*

straffes med fengsel inntil 4 år.

Dersom mishandlingen er grov eller fornærmede som følge av handlingen dør eller får betydelig skade på legeme eller helse, er straffen fengsel inntil 6 år. Ved avgjørelsen av om mishandlingen er grov, skal det særlig legges vekt på om den har vart over lang tid og om det foreligger forhold som nevnt i § 232.

Medvirkning straffes på samme måte.

Straffelova § 219 tek primært sikte på å fange opp mishandling som skjer over tid, men også enkeltilfelle kan omfattas dersom krenkinga er grov.³² Enkelthandlingar som isolert sett ikkje er straffbare, kan straffast etter straffelova § 219, dersom handlingane dannar eit mønster slik

³¹ Riksadvokaten nr.1/2008 s. 16

³² Ot.prop. nr. 113 (2004-2005) s. 46

at offeret må leve under kontinuerlig frykt for vald.³³ Føresegna er utforma slik at den skal ta opp i seg kompleksiteten og heilskapen som er typisk for denne typen vald.³⁴

I rettspraksis er det slått fast at det er det mishandlinga si varighet over tid, den psykologiske bindinga mellom gjerningsmann og offer, og følelsen av å leve i eit trusselregime, som er det sentrale i vurderinga av kor straffverdig forholdet er.³⁵

Ein nær relasjon er i samanheng med straffelova § 219 anten noverande eller tidlegare ektefelle eller sambuar eller registrert partner, born, steborn eller slekt i oppattgåande linje. Det er ikkje eit krav at desse tilhører gjerningspersonen sin husstand. Etter straffelova § 219 har ein også ein nær relasjon til nokon i sin husstand³⁶ eller nokon i sin omsorg.³⁷

Føresegna er kjønnsnøytral, der vald mot både menn og kvinner blir fanga opp, og mishandling mellom homofile og lesbiske omfattast også av straffebedret.³⁸

Kjernen i § 219 er altså den vedvarande og gjentekne valden, så straffebedret tek sikte på mishandling som strekk seg over tid. I rettspraksis har det kome fram at føresegna ikkje rammar all kritikkverdig åtferd, og at ordlyden ”mishandling” berre omfattar meir kvalifiserte forhold.³⁹ I Rt. 2013 s. 879 blei det også slått fast at straffelova § 219 også omfattar psykisk vald åleine.⁴⁰ Skuldkravet i straffelova § 219 er forsett, jf straffelova § 40. Det krevjast berre forsett med omsyn til det faktum at offeret blir utsett for ei handling som nemnt i første ledd.⁴¹ Strafferamma etter § 219 er 4 år etter første ledd, og inntil 6 år etter andre ledd.

³³ Sjå Rt. 2010 s. 129 avsnitt 21

³⁴ NOU 2003: 31 s. 14

³⁵ Rt. 2004 s. 844 avsnitt 13

³⁶ Vurderingstemaet er om ein bur saman eller har felles hushald Jf Rt. 1973 s. 422 jf strl § 260

³⁷ Ot.prp. nr 113 (2004-2005) s.47

³⁸ Ot.prop. nr. 113 (2004-2005) s. 40 jf Partnerskapsloven § 3 (2)

³⁹ Rt. 2013 s. 329 avsnitt 13

⁴⁰ Sjå også NOU 2003: 31 s. 14

⁴¹ Ot.prop. nr. 113 (2004-2005) s. 47

3.3 Straffelova 2005 – heilt kort

Den nye straffelova 2005 har vidareført den noverande straffelova 219 i to føresegner; straffelova 2005 §§ 282 og 283. Straffelova 2005 § 282 straffar den som ved “...*trusler, tvang, frihetsberøvelse, vold eller andre krenkelser, alvorlig eller gjentatt mishandler...*” ein nærliggende. Ordlyden er altså endra frå ”*grov*” til ”*alvorlig*”.⁴²

Straffeskjerpingsregelen i § 283 straffar mishandling i nære relasjonar med fengsel i inntil 15 år, dersom mishandlinga er grov. I avgjersla av om mishandlinga er grov ”*skal det særlig legges vekt på om den har hatt til følge betydelig skade eller død*” i tillegg til mishandlinga si ”*varighet*”, om den er utført på ”*særlig smertefull måte eller har hatt til følge betydelig smerte...*” eller om mishandlinga er utført mot en ”*forsvarsløs person*.⁴³”

I forarbeida blir det lagt til grunn at § 282 vidarefører straffelova av 1902 § 219 første ledd, og den einaste realitetsendringa er den øvre strafferamma.⁴⁴ Straffelova 2005 § 283 vidarefører straffelova 1902 § 219 andre ledd, med enkelte endringar,⁴⁵ og den nye føresegna skal ramme grov mishandling.

Då vidareføringa ikkje er meint å innebere ei realitetsendring frå straffelova § 219, kan dei nye straffeføresegne gje eit inntrykk av korleis lovgjevar har tolka dagens straffebod sitt første og andre ledd. Den nye straffelova 2005 kan dermed brukast som eit moment og ei rettesnor for korleis den noverande føresegna i § 219 skal tolkast.

4. Nærmore om vilkåra i straffelova § 219 første ledd

4.1 Dei ulike krenkingsalternativa

I det følgjande skal innhaldet i straffelova § 219 første ledd klarleggjast. I samsvar med føresegna sin struktur skal dei ulike krenkingsalternativa i straffeboden først beskrivast. Deretter skal straffeboden sine ”*kvalifiserte*” vilkår, ”*grov*” eller ”*gjentatt*”, beskrivast og diskuterast nærmare i avsnitt 4.2.

⁴² Jf Straffelova 2005 § 282 (1)

⁴³ Jf Straffelova 2005 § 283

⁴⁴ Sjå Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 433

⁴⁵ Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 434 og Matningsdal (2010) s. 152

Første ledd i straffelova § 219 kriminaliserer den som ved å ”*true, tvinge, begrense bevegelsesfriheten til, utøve vold mot eller på annen måte krenke, grovt eller gjentatt mishandler*”. Valden kan kome til uttrykk på mange måtar, og første ledd opplistar eksplisitt fire ulike vilkår og krenkingsalternativ som kan karakteriserast som mishandling, dersom handlingane utgjer ei grov eller gjentatt krenking.

Vilkåret ”*krenke*” er eit omgrep som femnar vidt, men dei opplista vilkåra ”*true, tvinge, begrense bevegelsesfriheten til, utøve vold mot*” viser at alle desse handlingane er alternative potensielle krenkingar etter straffelova § 219. Handlingar som fell under vilkåret ”*på annen måte krenke*” kan mellom anna vere psykisk vald, truslar om vald, og til dømes kan også born som er vitne til og opplever vald mot sine nærtståande, vere krenka på ”*annen måte*”.⁴⁶ Forarbeida legg til grunn at seksuelle krenkingar og brot på besøksforbod eller etter omstendene mangel på nødvendig stell og pleie, også kan falle inn under alternativet. Departementet sikta til handlingar som inngår i ”mishandlingsmønster” og som fell utanfor dei generelle føresegnene om mellom anna tvang, truslar, fridomstap og lekamskrenkingar.⁴⁷

Straffelova § 219 første ledd har også to alternative vilkår for korleis krenkingane må ha skjedd; ”*grovt eller gjentatt*”. Når straffelova § 219 første ledd inneholder alternative vilkår, betyr dette at eitt av desse vilkåra må vere oppfylde for at første ledd skal kunne kome til bruk. Det er gjennom intervju med rettsbrukarar i politi- og påtalemakta kome fram at dei synest straffelova § 219 er komplisert å bruke, særleg fordi omgrepa ”*grovt eller gjentatt*” i alt for stor grad tvinger fram dei skjønnsmessige vurderingane. Intervjuobjekta var usikre på, og hadde delte meningar om når vilkåra i lova var oppfylt.⁴⁸

Ordlyden ”*mishandler*” kan tolkast dit hen at ei krenking må ha vore kvalifisert nok til at straffelova § 219 første ledd i det heile skal kome til bruk. Her kan det verke som straffelova § 219 angjev ein kvalifisert terskel for kva som er mishandling, etter straffebedret. Dersom det har skjedd ei eller fleire krenkingar som karakteriserast som ”*grov[e] eller gjentatt*”, vil mishandlinga ha vore tilstrekkeleg kvalifisert til å falle innanfor straffeføresegna sitt første

⁴⁶ Sjå Rt. 2010 s. 949 avsnitt 22

⁴⁷ Ot.prp. nr 113 (2004-2005) s. 41 og 46. Dei generelle føresegnene er m.a. straffelova § 222, § 223, og § 227, §§ 228 – 231.

⁴⁸ Aas (2013) s. 240 og 241

ledd. Rettspraksis⁴⁹ viser til at dersom krenkingane ikkje har ein slik samanheng eller kvalifisert karakter som gjev grunnlag for frykt hjå fornærma for eit slikt handlingsmønster som ligg i kjerneområdet for straffelova § 219, er det dei ordinaære straffeføresegne om lekamskrenkingar som kjem til bruk.

4.1.1 ”På annen måte krenke” – utelukkande psykisk vald

Vilkåret ”*på annen måte krenke*” omfattar, som nemnd ovanfor, handlingar som fell utanfor dei fire andre eksplisitt opprekna vilkåra i straffelova § 219 første ledd. Psykisk vald er her ei handling har blitt diskutert særleg i forarbeida og i rettspraksis⁵⁰, og skal difor behandlast meir inngåande i det vidare. Ofte ser ein at domfelling etter straffelova § 219 skjer etter ein kombinasjon av både fysisk og psykisk vald.⁵¹

Spørsmålet om kvar den nedre grensa for overskriding av brot på § 219 første ledd går, der valden utelukkande var av psykisk art, blei sett på spissen i Rt. 2013 s. 879.⁵² Den tiltale var sikta for ved minst éi anledning på nattetid å insistere på at kona skulle stå opp, og ho blei då sitjande naken på ein stol i stova medan tiltalte skjelte henne ut over lang tid. Førstevoterande viste til fråsegsna i Rt. 2010 s. 129, om at det sentrale i vurderinga av om noko er ”*grovt eller gjentatt*” er om den som rammast må leve under ”*et regime av kontinuerlig utrygghet og frykt for vold*”.⁵³ Førstevoterande la til grunn at sjølv om fråsegsna frå 2010 tok sikte på fysisk vald, eller ein kombinasjon av fysisk og psykisk vald, måtte den også passe på reint psykiske krenkingar. Det måtte då vere tilstrekkeleg at frykta for framtida var avgrensa til å gjelde nye psykiske krenkingar.⁵⁴

I den einstemmige dommen slo Högsterett fast at ordlyden ”*mishandling*” viser at § 219 berre omfattar dei meir kvalifiserte forhold,⁵⁵ og at det skal ”*en god del mer til i en sak som gjelder*

⁴⁹ Rt. 2012 s. 835 avsnitt 16 og Ot.prp. nr 113 (2004-2005) s. 40

⁵⁰ Sjå m.a. Rt. 2013 s. 879 og Rt. 2013 s. 329

⁵¹ Døme: Rt. 2009 s. 1336, Rt. 2010 s. 129, Rt. 2012 s. 186 og Rt. 2013 s. 329

⁵² Sjå Rt. 2013 s. 879 avsnitt 29

⁵³ Rt. 2010 s. 129 avsnitt 21

⁵⁴ Rt. 2013 s. 879 avsnitt 30

⁵⁵ Jf Rt. 2013 s. 329 avsnitt 13

*psykisk mishandling enn der voldsutøvelsen er både fysisk og psykisk.*⁵⁶ I dommen frå lagmannsretten var det berre vist til éi konkret hending av psykisk vald, noko som tilseier at Högsterett dermed måtte vurdere om handlinga var grov, jf straffelova § 219 første ledd. Retten utelukka ikkje at enkelthandlingar kan vere alvorlege nok til å rammast av føresegna, dersom tiltalte sin åtferd omfattast av straffebedret⁵⁷ Dommen viser at Högsterett meiner at det er ein høgare terskel for å nytte straffelova § 219 første ledd når det utelukkande er tale om psykisk vald.

Om straffelova § 219 heimlar straff for den indirekte verknaden det har på eit born å vere vitne til vald, var spørsmålet i Rt. 2010 s. 949. I tiltalen var det eit eige punkt som gjaldt at dottera var utsett for mishandling av tiltalte, ved at dottera var vitne til vald mot mor.

Högsterett viste til at det vil vere eit skjerpende moment ved straffeutmålinga om borna har vore tilstades under mishandling av borna sine aller nærmaste.⁵⁸ I tillegg uttalte førstevoterande at når straffelova § 219 retta seg mot psykisk vald, var det klart at føresegna også ”*vil kunne ramme det forhold at gjerningsmannen har latt et barn være vitne til mishandling overfor barnets nærstående.*”⁵⁹ Retten kom til at tiltalte hadde krenka dottera ”*på annen måte*”. Dersom eit born er vitne til mishandling av sine nærståande, kan dette reknast for å vere psykisk mishandling av borna. Dommen slår også fast at § 219 gjev born som er vitne til vald eit sjølvstendig vern.⁶⁰

Dersom eit born blir sett på som krenka etter straffelova § 219, vil det også ha eit sjølvstendig krav på oppreisning etter skadeerstaningslova § 3-5 første ledd bokstav b, jf § 3-3.⁶¹

For at ei krenking skal kunne karakteriserast som mishandling, må den anten ha vore utført ”*grovtt eller gjentatt*”. Det skal i det vidare sjåast på desse vilkåra, både isolert og samla.

⁵⁶ Rt. 2013 s. 879 avsnitt 31

⁵⁷ Rt. 2013 s. 879 avsnitt 36, jf Rt. 2011 s. 34 avsnitt 21 og 24.

⁵⁸ Rt. 2010 s. 949 avsnitt 12 jf Rt. 2010 s. 129 avsnitt 22

⁵⁹ Rt. 2010 s. 949 avsnitt 24

⁶⁰ Rt. 2010 s. 949 avsnitt 15 og 22.

⁶¹ L13.06.1969 nr. 26

4.2 Dei kvalifiserande vilkåra i første ledd; ”*grovt eller gjentatt*”

4.2.1 Samanfattande om vilkåra

Sjølv om vilkåra ”*grovt eller gjentatt*” i første ledd er alternative vilkår, ser ein ofte at Högsterett behandler desse vilkåra samla.⁶² Ein gjennomgang av aktuell rettspraksis viser at vilkåra aldri blir behandla isolert kvar for seg. Tiltalen blir også skriven på den måten at tiltalte er sikta for å ”*grovt eller gjentatt*” ha mishandla ein nærtstående. Døme kan hentast fra Rt. 2013 s. 329, der Högsterett valde å oppheve lagmannsretten sin dom, fordi domsgrunnane ikkje gav tilstrekkeleg grunnlag for å avgjere om tiltalte ”*på annen måte ”grovt eller gjentatt” hadde mishandlet fornærmede, jf strl § 219 første ledd.*” Sjølv om straffelova § 219 beror på begge vilkåra, og Högsterett brukar dei kvalifiserande vilkåra samla, vil det likevel vere naturleg å sjå på vilkåra kvar for seg. Kva ”*grovt eller gjentatt*” inneber isolert sett, vil vere viktig i grensedraginga av om straffelova § 219 første ledd kjem til bruk i det heile.

Då sjølve kjernen i straffelova § 219 er den ”*vedvarande og gjentakende krenkelsen og mishandlingen av den nærtstående*”⁶³ vil det vere naturleg å først sjå isolert på vilkåret ”*gjentatt*”.

4.2.2 Vilkåret ”*gjentatt*”

Ordlyden ”*gjentatt*” tilseier at den same eller ulike krenkingar må ha blitt utført fleire gongar. Forarbeida viser at krenkelsen altså må ha skjedd ”*oftere*”.⁶⁴ Føresegna stiller ikkje opp noko vilkår at same handlingsalternativ må vere brote fleire gongar, for at handlinga skal vere ”*gjentatt*”. Det kan til dømes dreie seg om éi lekamskrenking, og seinare truslar om nye lekamskrenkingar. Det oppstillast heller ikkje noko vilkår om kor nært i tid dei ulike krenkingane må vere, for at dei skal reknast som gjentekne.⁶⁵ Til trass for dette er det mange politiadvokatar som vel bort å nytte straffelova § 219 dersom det har gått lang tid mellom

⁶² Sjå t.d Rt. 2011 s. 469, Rt. 2011 s. 1403, Rt. 2012 s. 1313 og Rt. 2013 s. 287.

⁶³ Ot.prp nr.113 (2004-2005) s. 37

⁶⁴ Ot.prp nr.113 (2004-2005) s. 46

⁶⁵ Ot.prp nr.113 (2004-2005) s. 46 og 47

handlingane, og grunngjев dette med at det ofte er vanskelegare å bevise mishandlingsforhold enn enkeltilfelle av vald.⁶⁶

Vilkåret ”*gjentatt*” viser til kjerneområdet til straffelova § 219. Føresegna er meint å ramme gjerningspersonen si langvarige terrorisering og mishandling av den nærstående.⁶⁷ Det er eit samanhengande og vedvarande handlingsmønster som straffelova § 219 særleg er meint å fange opp.⁶⁸

Straffelova § 219 og vilkåret ”*gjentatt mishandler*” inneber at gjentekne krenkingar som skjer over tid, ved ulike anledningar, kan pådømmast som eit samanhengande brotsverk.⁶⁹ Vald i nære relasjonar kan difor kallast eit kollektivt brotsverk, og kan betraktast som eit fortsett brotsverk.⁷⁰

Ofte er det slik at familievald gjerne rammar fleire personar i gjerningsmannen sin nære relasjon. Ei handling som oppfyller vilkåret ”*gjentatt*” kan vere retta mot fleire samtidig, som til dømes når born blir indirekte krenkja når dei oververer og er vitne til mishandling av sine nærmaste.⁷¹ Ved integritetskrenkingar er det imidlertid vanleg lære at det ligg føre like mange straffbare tilhøve som krenkte personar.⁷² Men i Rt. 2011 s. 1403 blei det lagt til grunn at denne læra ikkje nødvendigvis høver for samansette handlingar som familievald.⁷³ I den aktuelle saka var både mor og dotter utsett for vald, i tillegg til at dottera var til stades under ei eller fleire valdsepisodar mot mora. Spørsmålet i dommen var om det kan rekna som eitt straffbart tilhøve, der valden har ramma fleire i familien, på den måten at dottera var vitne til ei eller fleire valdshandlingar mot mor.⁷⁴

⁶⁶ Aas (2013) s. 241

⁶⁷ Ot.prp nr.113 (2004-2005) s. 47

⁶⁸ Sjå lovkommentar av Matninddal, note 1800

⁶⁹ Andenæs (2008) s. 66

⁷⁰ Mæland (2012) s. 231

⁷¹ Sjå Rt. 2011 s. 1403 samandrag og avsnitt 16

⁷² Røstad (1993) s. 274

⁷³ Rt. 2011 s. 1403 avsnitt 14

⁷⁴ Rt. 2011 s. 1403 avsnitt 1 og 16

I forarbeida⁷⁵ kjem det fram at eitt av argumenta til Kvinnevaldsutvalet for å endre straffelova § 219, var at dei generelle straffeboda om lekamskrenkingar ikkje fangar opp den kompleksiteten og heilskapen som ofte kjenneteiknar familievald. Førstevoterande peikte på dette i dommen og la til grunn at ”*Omsynet til å fange opp kompleksiteten og heilskapen er viktig også ved avgjerda av om det er tale om eitt eller fleire tilhøve.*” Dette i meinings av at mange og ulike krenkingar over tid blir omfatta av straffeføresegna, men også slik at verknadane ofte rammar fleire familiemedlem. Högsterett meinte at dersom handlingane blir stykka opp i handlingar ”*mot mor og mot barn, kan det såleis innebere at noko av heilskapen i handlemåten går tapt.*”⁷⁶ Högsterett viste til at føresetnaden for at det skal takast ei samla vurdering av handlingar utøvd mot forskjellige familiemedlemar, er at handlingane i stor grad er ”*vovne inn i einannan.*” Vidare kravde førstevoterande at dersom det skal takast ei samla vurdering av valdelege handlingar ovanfor fleire i familien, må det vere ein viss samanheng mellom krenkingane, og det må også kome inn ”*kva indre samanheng det er mellom dei enskilde handlingane*”.⁷⁷ Også i ei slik vurdering av om gjentekne handlingar mot fleire ulike familiemedlem er straffverdig, vil den sentrale vurderinga framleis vere om det blir danna eit ”*mønster som resulterer i at den som rammes må leve under et 'regime' preget av kontinuerlig utrygghet og frykt for vold.*”⁷⁸

Gjennom at desse vilkåra er oppfylt, altså at handlingane i stor grad er vovne inni kvarandre og det er ein indre samanheng mellom krenkingane, kan vald som rammar fleire i familien kunne pådømmast som eitt straffbart forhold. Dette gjeld sjølv om handlingane elles ville kunne blitt sett på som ”*gjentatte*” ovanfor fleire personar, etter straffelova § 219 første ledd.

Førstevoterande la også til grunn i Rt. 2011 s. 1403 at det kan vere grunn til å ”*vise varsemd med overprøvinga av denne oppdelinga etter straffelova § 219, fordi dette valet vil vere gjort ut frå ei konkret vurdering (...)*”⁷⁹ Utsegna viser til at det alltid må takast ei konkret skjønnsmessig vurdering i kvar sak om krenkingar som rammar fleire i familien skal reknast

⁷⁵ Ot.prp. nr.113 (2004-2005) s. 36

⁷⁶ Rt. 2011 s. 1403 avsnitt 16

⁷⁷ Rt. 2011 s. 1403 avsnitt 17

⁷⁸ Rt. 2011 s. 1403 avsnitt 17, jf Rt. 2010 s. 129 avsnitt 21

⁷⁹ Rt. 2011 s. 1403 avsnitt 18. Sjå også Rt. 2010 s. 949 avsnitt 11 og 12, der det blei teke ut eige tiltalepunkt for bornet som blei indirekte krenka.

som eitt eller fleire forhold. Dermed kan ei enkelhandling som rammar fleire, enten få konsekvensar for straffeutmålinga, eller at det blir teke ut eige tiltalepunkt for vedkommande som indirekte blir krenka. Difor vil det vere svært viktig om krenkingane og samanhengen mellom desse oppfyller vilkåra som dommen oppstiller.

4.2.3 Vilkåret ”grov”

Dersom mishandlinga ikkje er gjentatt, må den vere ”grov” for at krenkinga skal kunne falle inn under straffelova § 219. Vilkåret ”grov” er etter § 219 første ledd eit grunnvilkår i straffeboden.⁸⁰ Forarbeida legg til grunn at føresegna primært tek sikte på å fange opp mishandling som strekk seg over tid, men ikkje avgrensar seg til det. For å avgjere om ei krenking er grov, skal det forutan handlinga si objektive grovskap leggjast vekt på om den var eigna til å skape frykt for nye krenkingar.⁸¹

Ordlyden ”grov” viser til at ei enkelhandling i seg sjølv må vere tilstrekkeleg kvalifisert krenkande for å kunne karakteriserast som mishandling etter straffelova § 219 første ledd. Dersom det er utført mange krenkingar, som reknast for enkeltståande handlingar som ikkje oppfyller vilkåret ”gjentatt”, er det summen av krenkingar som vil vere avgjerande for om krenkingane er tilstrekkeleg grove.

I straffelova 2005 § 282, som vidarefører dagens straffelov § 219, er vilkåret ”grov” bytta ut med ”alvorlig”.⁸² Dette kan også gje ein indikasjon på korleis det noverande vilkåret ”grov” skal tolkast. Då straffelova 2005 ikkje er meint å innebere ei realitetsendring frå gjeldande rett,⁸³ vil den nye utforminga av straffeboden vere eit moment i kva som er den mest adekvate forståinga av dagens straffelov § 219.

Vidare er det klart at føresegna ikkje oppstiller noko krav om at krenkinga må ha hatt eit skaderesultat på offeret sin lekam eller sjel. Det er den langvarige terroriseringa og mishandlinga av den nærståande som utgjer kjernen i § 219, uavhengig av kva fysiske eller

⁸⁰ Ot.prp nr.113 (2004-2005) s. 41

⁸¹ Ot.prp nr.113 (2004-2005) s. 46

⁸² Straffelova 2005 § 282 (1)

⁸³ Ot.prp nr.22 (2008-2009) s. 434

psykiske skader handlingane har påført offeret.⁸⁴ Etter forarbeida går det klart fram at det ikkje er noko krav om skade for at vilkåret ”*grov*” skal vere oppfylt, men handlinga må ha skapt ei frykt for nye krenkingar.

Då ”*grov*” er det alternative vilkåret til ”*gjentatt*” vil det i det vidare bli sett på døme frå rettspraksis for å illustrere relasjonen mellom dei kvalifiserande vilkåra i første ledd. Denne relasjonen kan også belyse kva som er avgjerande for om enkelthandlingar blir karakterisert som grove, og kva som skal til for at handlingar som isolert sett ikkje rammast av § 219, likevel kan omfattast av straffebodet.

4.2.4 Nærmore om relasjonen mellom dei kvalifiserande vilkåra i straffelova § 219 første ledd.

Både tiltalevedtaka si utforming og domstolane sin argumentasjon i § 219-saker, viser at dei kvalifiserte vilkåra ”*grov* eller *gjentatt*” heng tett saman. På bakgrunn av dette er det vanskeleg å forstå vilkåra utan å sjå dei i relasjon til kvarandre.

Det er, som tidlegare gjennomgått, på det reine at ei enkelthandling kan reknast som ”*grov[t]*” etter straffelova § 219 første ledd.⁸⁵ Dette sjølv om kjerneområdet til straffelova § 219 er der det har skjedd ei vedvarande og gjentakande mishandling av ein nærtstående, altså ”*gjentatt[e]*” handlingar. I Rt. 2011 s. 34 la retten vekt på at dersom det ikkje er etablert eit slikt mønster, vil ein føresetnad for å kunne bruke § 219 vere at det må ligge føre ei eller fleire kvalifiserte enkelthandlingar, som kan danne grunnlag for frykt hjå den fornærma for den typen mønster som ligg i kjerneområdet til føresegna.⁸⁶ Spørsmålet kom på spissen i saka då det låg føre fire tilfeller av vald, der eit av tilfella var grovt. Högsterett kom til at dette måtte reknast som enkeltepisodar som måtte bedømmast etter straffelova § 219 første ledd. Vidare viste retten til at det er ein føresetnad for bruken av § 219 for enkeltståande valdsepisodar at dei i det heile teke må ha vore grove.⁸⁷

⁸⁴ Ot.prp nr.113 (2004-2005) s. 47

⁸⁵ Sjå Rt. 2010 s. 129 avsnitt 21

⁸⁶ Rt. 2011 s. 34 avsnitt 21

⁸⁷ Rt. 2011 s. 34 avsnitt 26

Spørsmålet i Rt. 2012 s. 835 var om ein mann kunne dømmast etter straffelova § 219 første ledd for tre enkeltståande trussel-/valdsepisodar ovanfor ektefellen. Retten la vekt på at dersom krenkingane har karakter av å vere isolerte enkeltepisodar, er det dei ordinære straffeboda om lekamskrenkingar som kjem til bruk. Krenkingane vil karakteriserast som enkeltståande tilfeller av vald dersom handlingane ikkje har ein slik ”*grovhet eller en sammenheng med preg av mishandling at det ga grunnlag for en tilværelse preget av frykt og usikkerhet hos fornærmede*”⁸⁸ Ikkje eit kvart tilfelle av valdsbruk og truslar mellom nærståande blir omfatta av straffelova § 219.⁸⁹ Denne dommen illustrerer at ei enkelthandling først og fremst må vere tilstrekkeleg grov, men det er like viktig at handlinga gjev grunnlag for frykt for nye krenkingar, for at bruk av § 219 skal vere aktuelt.. Ein kan dermed seie at ei tilstrekkeleg grov enkelthandling først kan pådømmast etter straffelova § 219 førte ledd når den skaper frykt for at handlinga *kan* bli gjenteken. Högsterett viste til at lagmannsretten hadde sett krenkingane som tre åtskilte forhold, og sjølv om krenkingane openbart måtte ha vore skremmande, var det ikkje tale om dei mest alvorlege handlingane. Det blei vektlagt at det gjekk lang tid mellom forholda, og det var ikkje krenkjande åtferd frå den tiltalte si side i perioden mellom eller etter hendingane.⁹⁰ På bakgrunn av dette blei ikkje hendingane sett på som grove nok, og dei var heller ikkje utført i ein samanheng med preg av mishandling slik det gav grunnlag for eit tilvere prega av frykt og usikkerheit hjå den fornärma.⁹¹ Dommen syner at dersom enkelthandlingar ikkje er ein del av eit gjennomgåande mishandlingsmønster, eller gjev frykt for ny mishandling, vil dei falle utanfor føresegna sitt bruksområde, og ikkje omfattast av straffelova § 219.

At enkeltståande lekamskrenkingar blir ramma av straffelova § 219 første ledd, la retten også til grunn i Rt. 2013 s. 287. Her blei to steborn dytta og drege både opp og ned trappa av sin tiltalte stefar, og begge borna blei spent bein på av tiltalte, i tillegg til at både to tidvis blei slått hardt på låret.⁹² Högsterett la vekt på at desse enkeltståande lekamskrenkingane samla sett blei ramma av straffelova § 219 første ledd, fordi dei medførte at borna heile tida var på vakt

⁸⁸ Rt. 2012 s. 835 avsnitt 20

⁸⁹ Rt. 2012 s. 835 avsnitt 16

⁹⁰ Rt. 2012 s. 835 avsnitt 19

⁹¹ Rt. 2012 s. 835 avsnitt 20

⁹² Sjå LF-2012-033916

for kva som ville kome, og dermed levde under eit regime av frykt. For stedottera kom det i tillegg at ho måtte leve med frykta for nye seksuelle overgrep. Igjen ser ein at enkelthandlingane blei rekna som objektivt grove nok,⁹³ i tillegg til at dei skapte frykt for at handlingane kunne bli gjentekne. Lagmannsretten hadde også bedømt det slik at forholda ligg i føresegna sitt nedre sjikt, særleg for stesonen sitt tilfelle, som ikkje hadde blitt utsett for seksuelle overgrep.⁹⁴

Rettspraksisen ovanfor viser at om det ligg føre fleire enkeltståande valdshandlingar, kan desse pådømmast etter straffelova § 219 første ledd, utan at dei oppfyller vilkåret om at dei er ”*gjentatt*”. Likevel må enkelthandlingane ha vore ”*grov[e]*”, for å kunne aktualisere bruk av § 219 – i tillegg til at handlingane må føre til frykt for at dei *kan* bli ”*gjentatt*” i eit mishandlingsmønster. Her kan altså det kvalifiserande vilkåret ”*grov*” reknast for å vere oppfylt dersom dei aktuelle, objektive grove handlingane skapar frykt for at dei skal bli ”*gjentatt*”.

Rettspraksis har tidlegare lagt vekt på at krenkingane må utgjere eit ”regime” prega av kontinuerlig utryggleik og frykt for vald, for at straffelova § 219 skal kunne nyttast.⁹⁵ Dette gjeld særleg for enkelthandlingar. Også i tilfelle der handlingane isolert sett fell utanfor straffelova § 219, har dette blitt vektlagt.

Det er klart at straffelova § 219 også omfattar psykiske krenkingar. I Rt. 2013 s. 329 var spørsmålet om verbale krenkingar som isolert sett ikkje rammast av straffelova § 219 første ledd, likevel måtte takast med i vurderinga. Saken gjaldt ein far som hadde vore valdeleg og kom med truande verbale utbrot frå 1988 til 2001. I 2001 opphørte valden, men den aggressive og nedlatande behandlinga av sonen fortsette, og spørsmålet for Högsterett var om faren kunne dømmast etter straffelova § 219 for heile perioden, fram til 2010.⁹⁶ Ein del av dei verbale krenkingane som fann stad i perioden 2001 til 2010, oppfylte isolert sett ikkje

⁹³ Jf Ot.prp nr.113 (2004-2005) s. 41

⁹⁴ Rt. 2013 s. 287 avsnitt 23

⁹⁵ Rt. 2010 s. 129 avsnitt 21

⁹⁶ Rt. 2013 s. 329 sjå samandrag

gjerningsinnhaldet i straffelova § 219, sjølv om dei var ”*gjentatt*”- og dette var mellom anna skjellsord som ”fjollehode”, ”hengerøv”, ”klummerrøv” og ”idiot”.⁹⁷

Högsterett la vekt på forarbeida,⁹⁸ der det går fram at det må takast ei samla vurdering av handlingane, då det er dette som først og fremst viser alvoret.⁹⁹ Retten viste også til at det er om den ramma lev i eit ”terrorregime” av frykt for nye krenkingar og utryggleik som er avgjerande for straffeavurderinga etter straffelova § 219.¹⁰⁰ Dette er også avgjerande for om § 219 kjem til bruk i det heile. Högsterett uttalte i dommen at det tilsvarende må gjelde der fornærma lev i eit regime prega av andre former for krenkingar.¹⁰¹ Tiltalte blei dømd for heile tidsperioden. Dommen viser at den som lev i eit regime prega av frykt for verbale og psykiske krenkingar også er beskytta av straffelova § 219.¹⁰² Likevel er terskelen for om ei krenking er grov etter første ledd lågare i tilfelle der krenkingane både er psykiske og fysiske.¹⁰³

Isolert sett fall dei verbale krenkingane i den nemnde dommen utanfor straffelova § 219, og retten peikte også på at føresegna ikkje rammar ein kvar kritikkverdig åtferd, sjølv om den er gjentakande. Likevel kom Högsterett til at ”*når atferd som isolert sett ikke fyller gjerningsinnholdet i bestemmelsen inngår i et ”regime” preget av krenkelser som samlet er av en slik alvorlighetsgrad at § 219 er anvendelig, må de mindre alvorlige krenkelsene tas med i den samlede vurderingen.*”¹⁰⁴ Her behandla retten vilkåra ”*grov eller gjentatt*” samla, og kom til at dei kvalifiserte vilkåra var oppfylde etter ei heilskapleg vurdering.

Som ei avgrensing til føresetnaden blei det avslutningsvis i Rt. 2013 s. 329 uttalt at ”*når krenkelsene endrer karakter – som i dette tilfellet – kan det imidlertid være uklart hvor lenge den fortsatte forbrytelsen kan anses videreført ved handlinger som ikke selv kunne føre til*

⁹⁷ Rt. 2013 s. 329 avsnitt 7

⁹⁸ Ot.prp nr.113 (2004-2005) s. 45

⁹⁹ Jf Rt. 2004 s. 1556 avsnitt 14

¹⁰⁰ Sjå Rt. 2010 s. 129 avsnitt 21 jf Rt. 2012 s. 186 avsnitt 17

¹⁰¹ Rt. 2013 s. 329 avsnitt 12

¹⁰² Sjå også Rt. 2013 s. 879

¹⁰³ Rt. 2013 s. 879 avsnitt 31

¹⁰⁴ Rt. 2013 s. 329 avsnitt 13

overtredelse av § 219.”¹⁰⁵ Avgrensinga viser at det må trekkjast ei grense for kor lenge dei handlingane som isolert sett ikkje oppfyller gjerningsinnhaldet i § 219 kan reknast som eit fortsett brotsverk, og då likevel vil oppfylle vilkåra ”*grov eller gjentatt*” i første ledd.

I relasjon til om valdshandlingar skal reknast som ”*gjentatt*”, må dei skje ”*oftere*”¹⁰⁶ og gjerningsmannen må ha ein krenkjande åtferd mellom handlingane som ber preg av ein samanheng av mishandling.¹⁰⁷ Då det må takast ei samla vurdering av om handlingane kan reknast som ”*gjentatt*”, illustrerer dette at ikkje ein kvar kritikkverdig åtferd omfattast. Valdshandlingane må difor overstige ei viss alvorsgrad når dei blir sett i samband med kvarandre. Likevel treng ikkje dei isolerte episodane å vere like grove som vilkåret ”*grov*” krev for enkelthandlingar, før dei kan pådømmast etter straffelova § 219. Det krevjast imidlertid også her at den fornærma lev i eit ”*terrorregime*” av frykt for nye krenkingar.

På bakgrunn av rettspraksis er det mest nærliggjande å sjå på relasjonen mellom vilkåra ”*grov eller gjentatt*” i § 219 første ledd som tett samanbundne. Då vilkåra aldri blir diskutert isolert, er det ofte særleg vanskeleg å vite om handlingane omfattast av straffelova § 219 første ledd fordi dei er grove, eller gjentekne. Likevel viser Högsterett sin argumentasjon at dersom ei tilstrekkeleg alvorleg handling gjev frykt for nye, ”*gjentatt[e]*” krenkingar, kan den reknast som grov. Vilkåret ”*gjentatt*” verkar altså i relasjon til vilkåret ”*grov*”, i den forstand at vilkåra nærmast brukast som kombinerte vilkår, som utfyller kvarandre. Gjentekne handlingar må skje oftere, der åtferda til gjerningsmannen inngår i eit mishandlingsmønster.

4.2.5 Ei samla vurdering av kva som fell inn under straffelova § 219 første ledd.

Drøftinga over syner at straffelova § 219 første ledd omfattar ulike typar handlingar, som kan vere av ulik alvorsgrad isolert sett. Difor legg også føresegna opp til ulike vurderingar om når vilkåra ”*grov eller gjentatt*” er oppfylt. Når det gjeld vilkåret ”*grov*”, vil vilkåret vere oppfylt dersom krenkinga er tilstrekkeleg grov og dannar eit mønster som resulterer i at den fornærma må leve i eit ”*regime*” av frykt og utryggleik for vald. Enkeltståande handlingar vil vere også grove etter føresegna sitt første ledd dersom dei er grove og gjev grunnlag for frykt

¹⁰⁵ Rt. 2013 s. 329 avsnitt 15

¹⁰⁶ Sjå Ot.prp nr.113 (2004-2005) s. 46

¹⁰⁷ Sjå Rt. 2012 s. 835 avsnitt 19 og 20

for nye krenkingar. Dersom det berre er tale om utelukkande psykiske krenkingar, så er det ein høgare terskel før straffelova § 219 femnar om desse krenkingane.

Etter dette synest det også som at enkelhandlingar av alle dei opplista krenkingsalternativa i straffelova § 219 første ledd kan vere grove, dersom dei oppfyller føresetnadane som er nemnt over.

Når det kjem til vilkåret ”*gjentatt*”, er det låge krav før den nedre grensa for vilkåret er oppfylt. Krenkingar som isolert sett fell utanfor straffeføresegna kan etter ei samla vurdering falle under det kvalifiserande vilkåret ”*gjentatt*”, dersom dei blir rekna for å vere ein del av eit ”regime” som fører til frykt for nye krenkingar. Likevel er det ein høgare terskel for at psykiske krenkingar skal rekna som gjentekne, sjølv om dei er ein del av eit regime av frykt og utryggleik. Og dersom psykiske krenkingar er ein del av eit fortsett brotsverk ilag med fysisk mishandling, må det også trekkjast ei grense for kor lang periode av det fortsette brotsverket som kan pådømmast. Gjentekne handlingar etter straffelova § 219 første ledd kan i tillegg pådømmast som eitt straffbart forhold, sjølv om det er mange familiemedlem som er krenka.

5. Nærmore om vilkåra i straffelova § 219 andre ledd

5.1 Innhaldet i straffeskjerpingsregelen

Straffelova § 219 andre ledd har ei øvre strafferamme på 6 år, og skal komme til bruk ”*Dersom mishandlingen er grov, eller fornærmede som følge av handlingen dør eller får betydelig skade på legeme eller helse (...)*”. Rt. 2011 s. 34 legg til grunn at dersom det ikke har danna seg eit mønster av vedvarande og gjentakande mishandling, vil det vere mishandlinga sin objektive grovleik som er det sentrale element i vurderinga av om § 219 andre ledd kjem til bruk.¹⁰⁸

Ein føresetnad for at andre ledd skal kunne brukast, er at minst eitt av handlingsalternativa om å ”*true, tvinge, begrense bevegelsesfriheten til, utøve vold mot eller på annen måte krenke*” i straffelova § 219 første ledd er oppfylt.

¹⁰⁸ Rt. 2011 s. 34 avsnitt 24

Straffelova § 219 andre ledd er ein straffeskjerpingsregel, då den kvalifiserar til strengare straff enn det som kan idømmast etter første ledd. I forarbeida er strengare straff mellom anna grunngjeve med at det vil vere ein generell risiko for langstidsskadeverknader utover konkrete fysiske eller psykiske skader. Også under straffelova § 219 sitt andre ledd vil frykta for vald og følelsen av å leve i eit trusselregime vere avgjerande.¹⁰⁹

Det skal i det vidare sjåast på kva som må til for at mishandling mot nærståande skal falle inn under straffelova § 219 andre ledd. Det skal også forsøkast å klarleggje kva dei ulike vilkåra i andre ledd inneber, og korleis dei skal tolkast. Først skal det undersøkjast kva som ligg i vilkåret ”*grov*” i andre ledd. Deretter skal det sjåast nærmare på andre forhold som kan aktualisere bruken av straffeskjerpingsregelen, som at fornærma ”*dør eller får betydelig skade på legeme eller helse*”.¹¹⁰

5.2 Vilkåret ”*grov*” etter andre ledd

Andre ledd i straffelova § 219 vil kunne komme til bruk mellom anna dersom mishandlinga er ”*grov*”. For å avgjere om mishandlinga er grov, skal det ”*særlig legges vekt på om den har vart over lang tid, og om det foreligger forhold som nevnt i § 232*”.¹¹¹

Då vilkåret ”*grov[t]*” brukast både i straffeloven § 219 sitt første og andre ledd, er dette problematisk. Ei naturleg språkleg forståing tilseier at vilkåret omfattar dei same krenkingane etter både første og andre ledd. Samtidig er § 219 andre ledd ein straffeskjerpingsregel, og den mest adekvate forståinga vil då vere at eit forhold må vere meir kvalifisert før det kan rekna som skjerpande, og pådømmast i tråd med den øvre strafferamma. Skiljet mellom første og andre ledd i § 219 blei særleg diskutert i Rt. 2011 s. 34, der Högsterett for første gong gjekk inn på grensa mellom ledda. Retten la til grunn at når det gjaldt tilhøvet mellom dei to ledda, så ”*må annet ledd gjelde for tilfeller som er grovere enn det som kvalifiserer til anvendelse av § 219 første ledd.*”¹¹² Førstevoterande viste at også forarbeida støtta opp om

¹⁰⁹ Prop. L 97 (2009-2010) s. 31

¹¹⁰ Straffelova § 219 andre ledd første punkt

¹¹¹ Straffelova § 219 andre ledd andre punkt

¹¹² Rt. 2011 s. 34 avsnitt 22

dette; ”*Straff for grov mishandling kan bl.a være aktuelt når mishandlingen har pågått i meget lang tid, eller den er særlig grov*”¹¹³

Dette illustrerer at dersom andre ledd skal komme til bruk, må krenkinga vere *endå* grovare enn etter straffelova § 219 første ledd. Riksadvokaten har vist til døme på at der valdsbruken er alvorleg, har vart over lang tid, eller er kombinert med tvang, truslar eller fridomsrøving, eller lovbytaren på annan måte har opptredt grovt krenkjande, vil valden kunne pådømmast som ”*grov*”.¹¹⁴

Straffelova § 219 har, som vist til ovanfor, ikkje noko krav om at krenkinga må ha påført offeret skade på lekam eller sjel.¹¹⁵ Dette betyr at også handlingar som ikkje inneber ei konkret skade, kan rekna som grove etter andre ledd.

Högsterett har slått fast at i saker som gjeld enkeltilfelle, vil det vere mishandlinga sin objektive grovleik som er det sentrale element i vurderinga av om § 219 andre ledd kjem til bruk.¹¹⁶ Dette er tilfeller der det ikkje har danna seg eit mønster av vedvarande og gjentakande mishandling.

Straffelova § 219 andre ledd andre punktum viser til kva moment det skal leggjast vekt på ved avgjersla av om mishandlinga er grov. Matningsdal viser likevel til at spørsmålet om mishandlinga er grov etter § 219 andre ledd, beror på ei skjønnsmessig vurdering der lova angir enkelte, ikkje uttømmande moment.¹¹⁷ Dette betyr at ein kan leggje vekt på andre moment enn dei som er nemnde i føresegna, og at ei handling kan rekna som grov etter andre ledd, sjølv om dei nemnde momenta i straffelova § 219 andre ledd ikkje er oppfylt.

Det er viktig å hugse på at alle saker skal behandlast individuelt, og vald i nære relasjonar kan ha høgst forskjellig karakter. Kva som blir rekna som ”*grov*” mishandling og omfattast av straffelova § 219 sitt andre ledd kan variere i stor grad. Likevel må det leggjast til grunn ein rettsleg standard for når ei handling blir kvalifisert som grov etter andre ledd – som også kan

¹¹³ Ot.prp nr.113 (2004-2005) s. 41

¹¹⁴ Riksadvokaten nr.3/2008 s. 10

¹¹⁵ Ot.prp nr.113 (2004-2005) s. 47

¹¹⁶ Rt. 2011 s. 34 avsnitt 24

¹¹⁷ Matningsdal (2010) s. 160

overførast til handlingar med ulik karakter og med individuelt sær preg, men som samtidig kan reknast for å vere like grove. I det vidare skal det sjåast på kva dei ulike momenta i straffelova § 219 andre ledd inneber. I tillegg skal det visast til andre moment som rettspraksis har lagt vekt på i vurderinga av om ei eller fleire krenkingar er kvalifisert grove nok til å falle inn under straffeskjeringsregelen i andre ledd.

5.3 Straffelova § 219 andre ledd andre punktum

5.3.1 Tidsmomentet

Straff for grov mishandling etter straffelova § 219 andre ledd vil vere aktuelt dersom mishandlinga har ”*vart over lang tid*”. I følgje forarbeida viser ordlyden til krenkingar utført over ”*meget lang tid*”. Det er altså behov for å idømme strengare straff der krenkingane har vart over ei lengre tidsperiode.¹¹⁸

Rettspraksis har likevel vist at det er store variasjonar på kva som blir rekna som krenkingar ”*over lang tid*”. I Rt. 2012 s. 186 hadde mishandling av kone og born funne stad over ei periode på 18 år. Dette må i seg sjølv seiast å vere svært lang tid. Gjerningsmannen hadde utført jamleg vald og psykisk mishandling i heile perioden. Når Högsterett skulle vurdere krenkingane som hadde skjedd etter lovendringa av § 219 i 2006, i tidsrommet 2006-2009, kom dei til at dette ikkje var av dei grovaste krenkingane. Retten såg likevel alle handlingane i samanheng, og uttalte at ”*truslene, de krenkende ytringane og skadeverket får et annet alvor når de er del av det 'terrorregimet' som den domfelte skapte for sin familie gjennom en årrekke*”.¹¹⁹ Her blei forholda etter 2006 ikkje karakterisert som kvalifisert grove, men blei likevel pådømd etter straffelova § 219 andre ledd, fordi handlingane blei sett i samanheng med krenkingane som hadde skjedd i over 18 år til saman.

Det same vart gjort i Rt. 2013 s. 329, sjølv om krenkingane som skjedde etter 2006 isolert sett fall utanfor straffelova § 219, blei mishandlinga frå 1988-2010 sett på som eit fortsett brotsverk, og mishandlinga for heile 22-års perioden blei pådømd etter andre ledd i straffelova § 219.

¹¹⁸ Ot.prp nr.113 (2004-2005) s. 41 og 47

¹¹⁹ Rt. 2012 s. 186 avsnitt 17

I motsett ende av skalaen, har mishandling gjennom eitt år også blitt pådømd etter straffelova § 219 andre ledd. I Rt. 2009 s. 1336 mishandla ei mor sine tre born både fysisk og psykisk, og retten kom fram til at den samla mishandlinga av borna over tid var ”grov” etter § 219 andre ledd. Det var særleg avgjerande at borna var heilt avhengig av mor, og opplevde ein svært utrygg situasjon, i tillegg til at borna levde i konstant angst.¹²⁰ I Rt. 2010 s. 949 blei halvanna år rekna som lang tid, på grunn av den massivt kontrollerande åtferda som blei utvist i perioden.¹²¹ Denne rettspraksisen illustrerer at det er eit samspel mellom kor grov mishandlinga er, og kva som reknast for å vere lang tid.

Ei periode på omlag to og eit halvt år har i rettspraksis blitt karakterisert som ei relativt lang periode, og Högsterett har lagt vekt på at ei slik periode i seg sjølv kan tilseie eit betydeleg skadepotensiale for den som blir ramma.¹²²

Rettspraksisen som vist til over, synleggjer at tidsmomentet heng nøye saman med kor grov mishandlinga har vore; dess grovare krenkingar, dess kortare treng valdsperioden å vere, før valden blir rekna for å ha ”*vart over lang tid*” jf straffelova § 219 andre ledd. Likevel må det seiast at vilkåret i seg sjølv oppstiller ei grense for når ei handling blir rekna for å ha vedvart over tid. Forarbeida¹²³ legg til grunn at det må ha gått meget lang tid – og dette viser til ei tidsmessig grense som må overskridast før tidsmomentet kan takast med i vurderinga. Når denne grensa blir overskriden, vil tidsperioden etter dette innebere strengare straff etter § 219 andre ledd. Kvar grensa går, vil likevel avhenge av kor grov mishandlinga er.

5.3.2 Forhold nemnd i straffelova § 232

I vurderinga av om mishandlinga fell under straffelova § 219 sitt andre ledd, skal det også særleg leggjast vekt på om det ”*foreligger forhold som nevnt i § 232*”. Straffelova § 232 gjev heimel for straffeskjerping ved valdshandlingar som har skjedd på særleg smertevaldande måtar, ved bruk av gift, eller bruk av kniv eller anna farleg reiskap. Det avgjerande for om eit reiskap skal karakteriserast som farleg, er korleis reiskapen blir brukt i den konkrete

¹²⁰ Rt. 2009 s. 1336 avsnitt 35

¹²¹ Rt. 2010 s. 949 avsnitt 29

¹²² Sjå Rt. 2010 s. 129 avsnitt 19 og Rt. 2011 s. 1412 avsnitt 32

¹²³ Ot.prp nr.113 (2004-2005) s. 41 og 47

situasjon.¹²⁴ For å vurdere om det ligg føre forhold som nemnd i straffelova § 232, skal det særleg leggjast vekt på om handlingane har skjedd mot ein forsvarslaus person, om den er motivert av mellom anna rasisme eller diskriminering, om det er skjedd uprovosert og om brotet er utøva i fellesskap eller om handlinga har karakter av mishandling.¹²⁵

Det går sjeldan fram av rettspraksis om det har blitt lagt vekt på bruk av farlege reiskap som kan falle inn under straffelova § 232 i vurderinga av om mishandlinga er grov. Det blir likevel ofte vist til kva type gjenstandar som har blitt brukt i valdshandlingane. Forhold som kan falle inn under § 232 er mellom anna slag med røret frå støvesugaren¹²⁶, slag med sko, belte og stumtenar, eller bruk av tau i samband med kveling.¹²⁷ Også kleshengar, samanrulla avis og fjernkontroll brukt å slå fornærma¹²⁸ kan karakteriserast som eit farleg reiskap etter straffelova § 232.

Andre moment som er tillagt vekt i vurderinga av om mishandlinga er ”grov” etter § 219 andre ledd er at handlingane skjer uprovosert og utan særskild årsak. Eit klart misforhold i styrke mellom den tiltalte og fornærma, som til dømes mellom foreldre og born, har også vore vektlagt i rettspraksis.¹²⁹

5.3.3 Andre moment av vekt i straffeutmålinga

Det er klart at spørsmålet om krenkingar fell inn under straffelova § 219 andre ledd beror på ei skjønnsmessig vurdering og at føresegna inneheld ikkje-uttømmande moment.¹³⁰ Difor vil det også vere relevant å sjå på kva andre moment rettspraksis har lagt vekt på i si vurdering av om mishandlinga er kvalifisert grov nok til å omfattast av andre ledd.

¹²⁴ Andenæs (2008) s. 96

¹²⁵ Jf Straffelova § 232

¹²⁶ Jf Rt. 2010 s. 129 avsnitt 20

¹²⁷ Rt. 2009 s. 1336 avsnitt 32

¹²⁸ Rt. 2012 s. 186 avsnitt 2

¹²⁹ Rt. 2011 s. 1412 avsnitt 29

¹³⁰ Matningsdal (2010) s. 160

Kor straffverdig ei krenking er, kan gje ein peikepinn på om handlingane er så grove at dei kan falle inn under § 219 andre ledd. Rettspraksis viser ofte til ein dom frå 2004¹³¹ som la til grunn at det mest sentrale i vurderinga av kor strafferdig forholdet er, ikkje berre er valdshandlinga sin grovleik. Også mishandlinga si varigheit over tid, den psykologiske bindinga mellom gjerningsmannen og offeret, og det at handlingane skjer skjult i heimen - som skal vere ein trygg stad, er moment å leggje vekt på ved straffverdigheitsvurderinga. Högsterett har lagt til grunn at frykta for vald – og følelsen av å leve i eit trusselregime – som blir skapt, kan opplevast som langt verre enn dei enkelte valdshandlingane.¹³²

Sidan straffeutmålinga reflekterar domstolen sitt skjønn, vil også utmålinga av straffa kunne gje ein indikasjon på kva moment retten har vektlagt ved vurderinga av kor grove krenkingane reknast for å vere. I Rt. 2010 s. 129 blei det uttalt at straffeutmålinga i saker om familievald avheng av ei samla vurdering av ei rekkje moment. Kor lenge krenkingane har skjedd, karakteren av krenkingane, hyppigheita, skadepotensialet og dei konkrete skadeverknadane blei dregne fram som sentrale element i vurderinga.¹³³

Det kan vanskeleg oppstillast ei fullstendig liste for kva moment det er relevant å vektleggje i vurderinga av om ei handling er så grov at den kan falle inn under § 219 andre ledd, sidan dette er ei skjønnsmessig vurdering. Det skal likevel visast til eit par døme på kva rettspraksis har sett som viktige moment i vurderinga om andre ledd skal kome til bruk. Døma kan illustrere kva type moment det er relevant å leggje vekt på, og kan vere retningsgjevande for den seinare bruken av straffelova § 219.

Det kan vere samansette handlingar og grunnar til at retten vel å nytte straffelova § 219 andre ledd, og karakterisere mishandlinga som særleg ”*grov*”. Her er vurderinga også ofte knytt tett opp i mot tidsmomentet.¹³⁴ I Rt. 2012 s. 186 uttalte retten at det normalt ikkje er den enkelte handlinga som står sentralt ved bruken av § 219 andre ledd, men det er regimet av kontinuerlig utryggleik og frykt for vald som er skapt ved den domfelte sin åtferd.¹³⁵ I

¹³¹ Sjå Rt. 2004 s. 844. Denne dommen gjeld ikkje § 219, men straffeføresegner om vald og truslar

¹³² Rt. 2004 s. 844 avsnitt 38.

¹³³ Rt. 2010 s. 129 avsnitt 18

¹³⁴ Sjå underpunkt 5.3.1

¹³⁵ Jf Rt. 2010 s. 129 avsnitt 21

dommen slo Högsterett fast at sjølv om mishandlinga i perioden fra 2006 til 2009 i seg sjølv ikke kunne reknast som grov, måtte handlingane likevel ”*sees i lys av de mange årene med forutgående mishandling*”.¹³⁶ Det hadde her skjedd mishandling i til saman 18 år, og mishandlinga som skjedde etter lovendringa i 2006, blei difor karakterisert som grov etter straffelova § 219 andre ledd. Krenkingar som ikke i seg sjølv blir omfatta av andre ledd, kan altså likevel sjåast i samanheng med grovare handlingar, eller vurderast i lys av tidsmomentet, og dermed reknast som grove etter § 219 andre ledd.

Likevel kan det også leggjast vekt på meir konkrete krenkingar. I Rt. 2011 s. 1412 måtte den krenkja ved to høve oppsøke lege etter valdsutøving mot henne, og dette fekk eit betydeleg utslag ved straffeutmålinga.¹³⁷ Også i Rt. 2010 s. 129 blei det framheva som eit straffeskjerpende moment at kvinnen måtte oppsøkje legevakta etter ho blei mishandla.¹³⁸ Det vil vere naturleg å leggje vekt på slike moment i vurderinga av om handlinga skal falle inn under straffelova § 219 andre ledd, då det indikerer at valdsutøvinga har vore så grov at offeret treng medisinsk behandling i etterkant.

Også truslar kan vere eit skjerpende moment, slik at mishandlinga kan reknast som ”*grov*” etter straffelova § 219 andre ledd. Drapstruslar retta mot offeret og offeret sin familie er ofte ein del av mishandlinga der forholda blir pådømd under § 219 andre ledd.¹³⁹ I Rt. 2009 s. 1336 trua ei mor sine born med å drepe dei, og uttalte at ”*i dag er den siste dagen i ditt liv*” medan ho stramma eit tau rundt halsen på den eine guten. Det må leggjast til grunn at dette er meir kvalifiserte og *endå* grovare verbale krenkingar enn til dømes ”*idiot*” og ”*fjollehode*”.¹⁴⁰ Kvelartak er også ei krenking som har vore framheva i rettspraksis som eit skjerpende moment.¹⁴¹ Felles for desse krenkingane synest å vere at dei kan utløyse dødsangst hjå offeret, og dette kan vere grunnen til at dei blir rekna som skjerpende moment i vurderinga av om krenkinga er grov etter andre ledd.

¹³⁶ Rt. 2012 s. 186 avsnitt 17

¹³⁷ Rt. 2012 s. 1412 avsnitt 33

¹³⁸ Rt. 2010 s. 129 avsnitt 20

¹³⁹ Sjå Rt. 2010 s. 949 og Rt. 2010 s. 129

¹⁴⁰ Jf Rt. 2013 s. 329, der dette var handlingar som isolert sett ikke fylde innhaldet i § 219 første ledd.

¹⁴¹ Sjå Rt. 2011 s. 1412 og Rt. 2009 s. 1336

Valdtekst blir normalt skilt ut i eigne tiltalepunkt, sjølv om denne krenkinga har skjedd som eit ledd i mishandlinga i ein nær relasjon. I Rt. 2012 s. 186 hadde tingretten lagt til grunn at forholdet angående valdtekturen var forelda. Högsterett la likevel til grunn at valdtekturen måtte takast i betrakting under straffeutmålinga etter straffelova § 219. Det at både fysisk og psykisk mishandling hadde skjedd over ei så lang periode som 18 år, samanhilde med valdtekturen, førte til at det blei utmålt maksimal straff etter den tidlegare straffelova § 219.¹⁴²

Det å ”*begrense bevegelsesfriheten*” er straffbart etter straffelova § 219 første ledd. I Rt. 2010 s. 949 blei tidsmomentet sett i lys av at gjerningsmannen hadde utvist ein relativt massiv kontrollerande åtferd, og difor måtte eitt og eit halvt år reknast som lang tid, og retten pådømde forholdet etter § 219 andre ledd.¹⁴³ Her hadde mannen sperra kona inne på soverommet ved fleire anledningar og i tillegg overvaka data- og telekommunikasjonen mellom kona og dottera. I eit anna tilfelle¹⁴⁴ tvang ei mor sine tre born å vere heime når det ikkje var pliktig skuletid. Retten la vekt på at dette gjorde at borna blei fråtekne moglegheita til fritidsaktivitetar, og det å oppleve glede og samhald med andre born etter skuletid. Dette, sett i samanheng med dei andre krenkingane førte til at mora blei dømd etter straffelova § 219 andre ledd.

5.3.4 Særleg om born som vitne til vald

Det er særleg alvorleg når mishandling skjer ovanfor born. Det er heilt klart at born nyt det same strafferettslege vern som vaksne når det gjeld vald i nære relasjoner.¹⁴⁵ Om valden er utført mot ein ”*forsvarsløs person*”, som born må seiast å vere, er eit moment som nemnd i straffelova § 232. Riksadvokaten har lagt til grunn at dersom born har vore vitne til valdshandlingar eller annan mishandling av nærståande, bør dette tilleggjast betydelig vekt i skjerande retning.¹⁴⁶ Grunngjevinga er at valden pregar kvardagen til mange born, og det

¹⁴² Rt. 2012 s. 186 avsnitt 16. Sjå også Indst. O. I (1901-1902) s. 92

¹⁴³ Rt. 2010 s. 949 avsnitt 29

¹⁴⁴ Rt. 2009 s. 1336

¹⁴⁵ Prop. L 97 (2009-2010) s. 32

¹⁴⁶ Riksadvokaten nr.3/2008 s. 10 og 11

representerar ein avhengigheitsposisjon å vere born i seg sjølv.¹⁴⁷ I tillegg gjev det å oppleve vald i familien auka risiko for alvorlege psykiske og åtferdsmessige problem hjå mange.¹⁴⁸

I Rt. 2009 s. 1336 blei borna utsett for vald frå mor eit heilt år, men også belastninga av å vere vitne til at søsken blei slått, blei veklagt.¹⁴⁹ Mishandlinga blei karakterisert som grov etter andre ledd. I Rt. 2010 s. 129 blei det lagt til grunn at dersom born er vitne til valden, er dette eit tilleggsmoment i vurderinga av om straffelova § 219 andre ledd kjem til bruk. Retten la vekt på at mishandlinga hadde funne stad i nærver av dottera, og at ho tidleg hadde lært seg strategiar for å beskytte mora.¹⁵⁰

Ein ser altså at dersom born er vitne til vald av sine nærståande, er dette eit tilleggsmoment i vurderinga av om § 219 andre ledd kjem til bruk, i relasjon til å kvalifisere valden som ”grov”. Samtidig kan det utgjere eit sjølvstendig strafferettsleg grunnlag å reagere mot krenkinga av borna.

5.4 Dersom den fornærma som følgje av handlinga ”*dør eller får betydelig skade på legeme eller helse*”

Forarbeida har slått fast at straffelova § 219 ikkje oppstiller noko krav om at krenkinga må ha ført til skade på offeret sin lekam eller sjel.¹⁵¹ Under vilkåret om ”*død eller betydelig skade på legeme eller helse*” i andre ledd gjeld dette ikkje. Her stiller ordlyden i seg sjølv opp ein føresetnad om at det må ligge føre ei skade.

Det er klart at dersom ein fornærma dør som følgje av mishandling utført av ein person i nær relasjon, kjem straffelova § 219 andre ledd uansett til bruk. Dette viser igjen at ei enkelthandling kan aktualisere bruk av § 219, dersom handlinga er tilstrekkeleg grov.

Vilkåret ”*betydelig skade på legeme eller helse*” viser til definisjonen i straffelova § 9 som legg til grunn at ei slik betydeleg skade vil vere tap eller svekking av syn, hørsel, taleevne

¹⁴⁷ NOU 2003:31 s. 62

¹⁴⁸ Handlingsplan, *Et liv uten vold*, s. 16

¹⁴⁹ Rt. 2009 s. 1336 avsnitt 35

¹⁵⁰ Rt. 2010 s. 129 avsnitt 22

¹⁵¹ Ot.prp nr.113 (2004-2005) s. 47

eller forplantningsevne. Det vil også vere betydeleg skade dersom fornærma blir vanfør, altså invalid eller får redusert rørsleevne, eller ein blir arbeidsufør, får ein vesentleg deformitet eller får ein livfarleg eller langvarig sjukdom. Også alvorleg psykisk skade blir rekna som betydeleg skade etter straffelova § 9.¹⁵²

Eit døme på ei ”*betydelig skade på legeme*” kan hentast frå Rt. 2012 s. 186. I dommen blei to av borna medisinsk invalide etter mishandling frå far i over 1 år og 8 månader.¹⁵³ Medisinsk invaliditet er ei fysisk eller psykisk funksjonsnedsetjing som ei bestemt skade erfaringsvis forårsakar.¹⁵⁴

For at fysisk skade skal kunne falle inn under vilkåret ”*betydelig skade (...)*” i straffelova § 219 andre ledd, må det ligge føre ei kvalifisert, meir alvorleg skade. Både ordlyden ”*betydelig*” i straffelova § 219 andre ledd, og straffelova § 9 sine definisjonar viser at dersom mishandlinga ikkje er ”*grov*” etter andre ledd – så skal det ligge føre ei fysisk skade som er kvalifisert.

Ei ”*betydelig skade på (...)* helse” kan vere ”*alvorlig psykisk skade*” etter straffelova § 9. Forarbeida til føresegna legg til grunn at formuleringa omfattar både psykose, tvangs-og angstnevrosor og alvorlege og langvarige depresjonar.¹⁵⁵ Mange som blir utsett for vald i nære relasjonar opplever ofte posttraumatisk stress syndrom (PTSD) i etterkant av mishandlinga, og risikerer å utvikle alvorlege psykiske symptom som krev behandling. Born som eksponererast for vald i nære relasjonar kan også oppleve PTSD, i tillegg til angstproblem, depresjon og psykosomatiske symptom.¹⁵⁶ PTSD er ei alvorleg angstliding¹⁵⁷, og kan difor falle inn under omgrepet ”*alvorlig psykisk skade*” i straffelova § 9.

¹⁵² Sjå straffelova § 9 og Lovkommentar av Matningsdal til § straffelova 9

¹⁵³ Rt. 2012 s. 186 avsnitt 18

¹⁵⁴ Jf FOR 1997-04.21 nr. 373 § 1 tredje ledd

¹⁵⁵ Ot.prp nr. 20 (1991-92) Kap. 10 s. 66

¹⁵⁶ NOU 2003:31 s. 60 og 131

¹⁵⁷ Sjå S.m.l: posttraumatisk stresslidelse

I LB.2012.080296¹⁵⁸ slo lagmannsretten fast at sonen som hadde blitt fysisk krenka frå 1988-2001 og verbalt krenka frå 1988 og heilt fram til 2010 av sin far, hadde blitt påført ”*betydelig skade på helbred/helse*”. Krenkingane hadde gått som ein ”raud tråd” gjennom sonen sitt liv, og fleirtalet kom til at han hadde ei alvorleg psykisk liding, då han i alle fall hadde hatt éin alvorleg depresjon som varte i meir enn to veker. Det avgjerande var likevel at sonen hadde ei lang rekke med symptom på ulike diagnostar, som varte over tid, og han hadde samansette psykiske problem som prega hans kvardag og livsutfaldning.¹⁵⁹

For å kunne pådømme eit forhold etter straffelova § 219 andre ledd der fornærma som følgje av handlinga ”*dør eller får betydelig skade (...)*” må skuldkravet i straffelova § 43 vere oppfylt.¹⁶⁰ Straffelova § 43 om skuld culpa levissima inneber at gjerningspersonen må ha kunne innsett moglegheita av følgja av handlinga.¹⁶¹ Dette inneber at skuldkravet på dette punkt er lågare enn elles for straffelova § 219.

Ordlyden i straffelova § 9 om ”*alvorlig psykisk skade*” viser at det er ein viss terskel for at noko skal kunne karakteriserast som ei psykisk skade og bli omfatta av straffelova § 219 andre ledd. Forarbeida¹⁶² til straffelova § 9 legg til grunn at lette depresjonar, irritabelheit eller konsentrasjonsproblem ikkje fell inn under ordlyden i § 9. Også ordlyden ”*betydelig skade (...) på helse*” viser at det må ligge føre ei psykisk liding som er av meir varig karakter.

I dommen der grensa mellom første og andre ledd i straffelova § 219 blei prøvd for første gong, Rt. 2011 s. 34, uttalte Högsterett at det ved enkeltståande mishandlingstilfelle først og fremst til vere aktuelt å bruke andre ledd der mishandlinga har ført til død eller betydeleg skade på lekam eller helse.¹⁶³

¹⁵⁸ Seinare Rt. 2013 s. 329

¹⁵⁹ Jf LB.2012.080296

¹⁶⁰ Lovkommentar av Matningsdal note 1765

¹⁶¹ Sjå straffelova § 43

¹⁶² Ot.prp nr. 20 (1991-92) s. 66

¹⁶³ Rt. 2011 s. 34 avsnitt 24

6. Relasjonen mellom vilkåret ”grov” i straffelova § 219 første og andre ledd

Vilkåret og termen ”grov[t]” nyttast både i straffelova § 219 første og andre ledd. Føresegna blir av den grunn språkleg og rettsteknisk vanskeleg, ettersom det er uklart korleis vilkåret ”grov” skal forståast.

Det skal i det vidare forsøkast å greie ut korleis ein skal forstå termen ”grov” i første og andre ledd i straffelova § 219, og korleis ein på dette punkt forstår relasjonen mellom ledda. Ei slik avklaring vil også kunne gje god rettleiing for kvar grensa for bruken av ledda går.

Som vist til over, har både rettspraksis¹⁶⁴ og forarbeid¹⁶⁵ lagt til grunn at vilkåret om ”grov” mishandling i andre ledd, viser til ei særleg grov, meir kvalifisert mishandling enn det som pådømmast etter første ledd. Då også vilkåret ”grov” i første ledd er eit alternativt vilkår med ”gjentatt”, vil første ledd omfatte mishandlinga så lenge eitt av vilkåra er oppfylt. Dette sjølv om dei kvalifiserande vilkåra i første ledd behandlast som tett samanbundne, kombinerte vilkår.

Den mest nærliggjande tolkinga er at ”grove” handlingar som fell under andre ledd, må vere meir kvalifiserte og alvorlege enn etter straffelova § 219 første ledd. Denne tolkinga blir støtta opp i forarbeida, gjennom uttalinga om at ”*Det vil være en glidende overgang mellom vanlig og grov mishandling, og mange av de samme momentene har betydning. Handlingens grovhetsgrad og mishandlingens varighet vil stå sentralt.*”¹⁶⁶ Det at forarbeida skil mellom vanleg og grov mishandling talar også i den retning at om vilkåret ”grov” har to ulike tersklar, der ”vanlig grov” mishandling straffast etter straffelova § 219 første ledd, medan andre ledd krev ei meir kvalifisert og særleg grov mishandling.

¹⁶⁴ Sjå Rt. 2011 s. 34 avsnitt 22

¹⁶⁵ Sjå Ot.prp nr.113 (2004-2005) s. 41

¹⁶⁶ Ot.prp. 113 (2004-2005) s. 47

Då straffelova § 219 andre ledd er ein straffeskjerpingsregel, tilseier også dette at det må ligge føre grovare, meir kvalifiserte handlingar før ein kan idømme skjerpa straff. Dette får også tilslutnad av det faktum at også andre føresegner i straffelova er bygde opp på same måten.¹⁶⁷

I den nye straffelova 2005 tek § 282 sikte på å vidareføre straffelova § 219 første ledd. Ordlyden i den nye straffelova er endra frå ”*grov*” til ”*alvorlig*” – utan at dette har ei realitetsendring. Endringane i ordlyden som er gjort i straffelova 2005 § 282, som skal vidareføre straffelova § 219 første ledd, kan indikere kva terskel som ligg i vilkåret ”*grov*” etter første ledd; etter straffelova § 219 første ledd er vilkåret ”*grov*” oppfylt når mishandlinga er *alvorleg*. Dette blir også støtta opp av at Matningsdal i hans kommentar til den nye straffelova 2005¹⁶⁸ og forarbeida til straffelova 2005.¹⁶⁹

Straffelova § 219 andre ledd er vidareført i straffelova 2005 § 283 med enkelte endringar¹⁷⁰, og den nye føresegna skal ramme grov mishandling. Det er naturleg å seie at begge dei nye føresegnene i straffelova 2005 tilseier at terskelen for kva som er ”*grov*” mishandling etter § 219 andre ledd, må vere meir kvalifisert enn alvorleg mishandling etter første ledd i straffelova § 219. Sett i lys av den nye straffelova 2005 § 282, må minstekravet i § 219 første ledd seiast å vere ”*alvorlig*” mishandling.

Den avgjerande dommen i tolkinga om korleis straffelova § 219 første og andre ledd skal tolkast, er Rt. 2011 s. 34. Høgsterett påpeikte sjølv at grensa mellom første og andre ledd ikkje har blitt nærmare vurdert tidlegare. Retten la generelt til grunn at når det gjaldt forholdet mellom første og andre ledd i straffelova § 219 ”*må annet ledd gjelde for tilfeller som er grovere enn det som kvalifiserer til anvendelse av § 219 første ledd.*”¹⁷¹ Uttalinga viser at for at handlingar skal kunne falle inn under andre ledd, må handlingane vere meir kvalifisert enn ”minstekravet” i første ledd.

¹⁶⁷ Sjå t.d straffelova § 228 og § 233

¹⁶⁸ Matningsdal, (2010) s.152; ”§ 282 tar sikte på å videreføre § 219 første ledd (...) er den øvre strafferammen førhøyet fra fengsel i tre til seks år for tilfeller hvor det ikke er tale om grov mishandling. For grov mishandling – straffeloven § 219 andre ledd og straffeloven 2005 § 283 er den øvre strafferammen forhøyet fra fengsel i seks til fengsel i femten år.”

¹⁶⁹ Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 434 og 345

¹⁷⁰ Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 434 og Matningsdal (2010) s. 152

¹⁷¹ Rt. 2011 s. 34 avsnitt 22

Det blir vidare i dommen vist til forarbeida¹⁷², som legg til grunn at det er eit grunnvilkår i straffeboden at mishandlinga har vore grov eller gjentekne, jf straffelova § 219 første ledd og at straff for grov mishandling mellom anna kan vere aktuelt når mishandlinga har funne stad i ”*meget lang tid, eller den er særlig grov.*”¹⁷³ Dette er ei tilvisning til vurderingsmomenta i straffelova § 219 andre ledd. Argumentasjonen til Høgsterett kan her tolkast dit hen at enten om mishandlinga er ”*grov[t] eller gjentatt*”, må det uansett først vurderast om handlinga fell inn under første ledd. Dersom valden er grovare enn det som er grunnvilkåret og ”minstekravet” etter første ledd, må ein bruke vurderingsmomenta i straffelova § 219 andre ledd, for å vurdere om valden er særleg og kvalifisert grov nok til å vere omfatta av straffeskjerpingsregelen.

I den prinsipielt viktige dommen var spørsmålet om straffelova § 219 første eller andre ledd kom til bruk, etter at ein far hadde utøva fire tilfeller av vald mot sin son, der eitt av tilfella var grovt. Retten peika på at det ved subsumsjonen under første ledd allereie var teke høgde for ei rekke av dei skjerpande momenta som låg føre i saka, mellom anna tillitsbrotet og den særlege psykiske belastninga som sonen blei utsett for ved den alvorlege mishandlinga frå faren si side.¹⁷⁴ Dette illustrerer at også mishandling som fell under første ledd i § 219, vil kunne vurderast utifrå moment som tillitsbrot og psykisk belastning. Dette kan grunngjenvæst med at eit særtrekk for vald i nære relasjonar ofte vil vere den psykologiske bindinga mellom gjerningsperson og offer, som til dømes far og son.¹⁷⁵ Dommen viser at det også etter første ledd er ein viss terskel før mishandlinga reknast som grov, og igjen kan straffelova 2005 § 282 sin ordlyd ”*alvorlig*” vere rettleiande.

I spørsmålet om mishandlinga er kvalifisert grov etter straffelova § 219 andre ledd, kan ein som vist ovanfor, leggje vekt på ulike moment. Straffelova 2005 § 283 har også ei opprekning om kva moment det er nærliggjande å leggje vekt på i vurderinga om mishandlinga er kvalifisert eller særleg grov. Det skal leggjast vekt på mishandlinga si varighet, om den er utført på ”*særlig smertefull måte*”, eller har ført til betydeleg smerte, og om den er utøvd mot

¹⁷² Ot.prp nr.113 (2004-2005) s. 41

¹⁷³ Rt. 2011 s. 34 avsnitt 22

¹⁷⁴ Rt. 2011 s. 34 avsnitt 26

¹⁷⁵ Matningsdal (2010) s. 152

”forsvarsløs person”.¹⁷⁶ Dei opplista momenta er ei vidareføring av straffelova § 219 andre ledd jf straffelova § 232. Ordlyden ”særlig” viser at smarta må ha vore sterkare enn det som ordinært følgjer av eit brot på straffelova 2005 § 282.¹⁷⁷ Ein skal også leggje vekt på om mishandlinga har hatt ”betydelig skade eller død” som følgje, på same måte som i § 219 andre ledd. Om valden er utøvd mot ein ”forsvarsløs person” viser mellom anna til tilfelle der det er eit klart misforhold i styrke mellom gjerningsperson og offeret.¹⁷⁸ I tillegg har straffelova 2005 § 283 ikkje eksplisitt vidareført vilkåret om mishandlinga har innebore forhold nemnd i straffelova § 232, men dei vidareførte momenta tek likevel opp i seg dei viktigaste elementa frå § 232.¹⁷⁹ Då spørsmålet om straffelova § 219 andre ledd kjem til bruk beror på ei skjønnsmessig vurdering, kan også momenta som er opplista i straffelova 2005 § 283 nyttast i vurderinga om handlinga er særleg og kvalifisert grov nok til å falle under andre ledd.

Aktor i Rt. 2011 s. 34 trakk særleg fram at valden var utøva mot eit forsvarslaust born. Dette er eit moment som kan falle inn under straffelova § 219 andre ledd, då det er straffeskjerpande etter straffelova § 232.¹⁸⁰ Högsterett var einig i at dette var eit moment av vekt, men uttalte at ”*Lovgivers forutsetning er imidlertid også at grov voldsutøvelse overfor barn som utgangspunkt skal bedømmes etter § 219 første ledd*”. Fråsegna viser at bruken av straffelova § 219 andre ledd må sjåast i lys av om mishandlinga i stor grad overstig ”mistekravet” i første ledd, og om det ligg føre straffeskjerpande moment. I den aktuelle saka blei tiltalte dømd etter § 219 første ledd. Grunngjevinga for dette var at det ikkje var framheva særlege moment utover det som ligg i bruken av straffelova § 219 første ledd, og då mishandlinga ikkje hadde skadefølgje, var det ikkje grunnlag for at den eine episoden åleine skulle rammast av straffelova § 219 andre ledd.¹⁸¹

Denne avgjerande og grunnleggjande dommen er relativt klar på at straffelova § 219 første ledd har ”*grov eller gjentatt*” som grunnvilkår, medan andre ledd kjem til bruk på handlingar

¹⁷⁶ Straffelova 2005 § 283 bokstav a, b og c.

¹⁷⁷ Matningsdal, (2010) s.159

¹⁷⁸ Matningsdal, (2010) s.100

¹⁷⁹ Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 436

¹⁸⁰ Jf ”forsvarsløs person” i straffelova § 232.

¹⁸¹ Rt. 2011 s. 34 avsnitt 27

som er kvalifisert grovare enn minstekravet om alvorleg mishandling etter første ledd. Dommen legg altså til grunn at det er to forskjellige tersklar i om ei handling er grov etter første eller andre ledd. Også forarbeida¹⁸² legg dette ganske klart til grunn.

Sett i lys av straffelova 2005 § 282 og § 283, og den omtalte Högsterettsdommen, kan ein legge til grunn at den noverande straffelova § 219 første ledd skal tolkast dit hen at handlingar som er ”*alvorlig[e]*” fell inn under vilkåret ”*grov*” i første ledd. Sett i lys av dette, må straffelova § 219 andre ledd tolkast slik at handlingar som er meir kvalifiserte enn ”*alvorlig*” mishandling, altså særleg grove, vil falle inn under andre ledd. I andre ledd er det fleire moment som kan vektleggjast i vurderinga av om handlinga er kvalifisert nok til å omfattast av straffeskjerpingsregelen i andre ledd. Det kan også leggjast vekt på moment som ikkje er opplista i § 219 andre ledd, då bruken av straffeskjerpingsregelen beror på ei skjønnsmessig vurdering, og momenta i andre ledd er ikkje-uttømmande.

7. Oppsummering og vurdering

7.1 Samanfattande om innhaldet i straffelova § 219

Drøftinga over syner at ein grunnleggjande føresetnad for at valdshandlingar skal kunne falle inn under kjerneområdet i straffelova § 219, er at det har blitt danna eit mønster som resulterar i at den som rammast må leve under eit ”regime” av kontinuerlig utryggleik og frykt for vald.

Straffelova § 219 første ledd krev at mishandlinga må vere kvalifisert i den forstand at den anten er ”*grov[t] eller gjentatt*”. Ei valdshandling vil vere kvalifisert nok til å overstige den nedre grensa i første ledd dersom den samla sett er tilstrekkeleg alvorleg og kan gje frykt for nye krenkingar. Dette gjeld både for enkeltepisodar av vald og meir vedvarande mishandling. Dette må seiast å vere minstekravet for at § 219 kan ramme valdshandlingar i nære relasjonar. Første ledd tek også høgde for skjerpende moment, spesielt i tilfeller der det er spørsmål om enkelthandlingar er tilstrekkeleg grove for å kunne omfattast av straffelova § 219. Moment som kan vere skjerpende er tillitsbrot mellom gjerningsperson og offer, i tillegg til den psykiske belastninga som offeret blir utsett for.¹⁸³ Er fleire nærståande ramma av

¹⁸² Ot.prp nr.113 (2004-2005) s. 41

¹⁸³ Rt. 2011. s. 34 avsnitt 26

mishandlinga, særleg der born er vitne til vald, kan dette pådømmast som eitt straffbart forhold. Når vald mot fleire nærståande blir pådømd som eit fortsett brotsverk, er dette for å fange opp kompleksiteten og heilskapen i slike saker.¹⁸⁴ Er born vitne til vald utført av og mot sine nærståande, kan dette også pådømmast som ei sjølvstendig krenking mot borna.¹⁸⁵

Dersom det er tale om utelukkande psykisk vald, må det meir til før den enkelte handlinga av psykisk vald kan reknast som like alvorleg som ei enkelthandling av fysisk vald. Dermed er det ein høgare terskel før straffelova § 219 kjem til bruk ved psykiske krenkingar, enn ved fysiske. Handlingar som isolert sett fell utanfor føresegna kan også pådømmast etter straffelova § 219 dersom dei er ein del av eit fortsett brotsverk, eller dei etter ei samla vurdering har vist at den ramma lev under eit regime av utryggleik og frykt for vald. Er det utført fleire krenkingar, er det summen av krenkingar som vil vere avgjerande for om krenkingane er tilstrekkeleg grove – men då vil ofte det alternative vilkåret ”*gjentatt*” også vere oppfylt, slik at handlingane uansett fell inn under straffelova § 219 første ledd. Ved enkelthandlingar er det den objektive grovskapen samanhaldet med frykta for nye krenkingar som er avgjerande for om dei rammast av § 219, anten første eller andre ledd.

Andre ledd i straffelova § 219 gjeld for tilfelle som er grovare enn det som kvalifiserer til bruk av første ledd.¹⁸⁶ Ei eller fleire handlingar må altså overstige mistekravet om alvorleg mishandling i første ledd. Om ei handling fell inn under andre ledd må vurderast etter momenta i føresegna, mellom anna om mishandlinga er utført over langt tid eller om det ligg føre forhold som nemnd i straffelova § 232. Dess grovare ei handling er, dess kortare tidsrom av mishandling krevjast det før valdshandlingane fell inn under § 219 andre ledd. I tillegg kan handlingar som isolert sett ikkje er kvalifisert grove nok sjåast i samband med grovare handlingar, slik dei likevel kan pådømmast etter straffeskjerpingsregelen. Då vurderinga av om ei handling fell inn under andre ledd er ei skjønnsmessig vurdering og straffebedret inneheld ikkje-uttømmande moment, kan det vektleggjast om den fornærma har måtte oppsøkje lege, om det er utført handlingar som kan utløyse dødsangst eller om åtferda har

¹⁸⁴ Rt. 2011 s. 1403 avsnitt 17

¹⁸⁵ Døme: Sjå Rt. 2010 s. 949 særleg avsnitt 10 og 11

¹⁸⁶ Rt. 2011. s. 34 avsnitt 22

vore svært kontrollerande. Eit tilleggsmoment i relasjonen til vurderinga av om ein kan kvalifisere valden som ”*grov*” etter andre ledd, er om born har vore vitne til valden.

Det er ikkje noko krav om skade etter straffelova § 219, men eit unntak frå dette følgjer etter andre ledd første punkt; om den fornærma som følgje av handlinga ”*dør eller får betydelig skade på legeme eller helse*”. For at ei skade skal omfattast av § 219 må den vere kvalifisert, altså alvorleg fysisk eller psykisk skade. Ei psykisk skade vil kunne reknast som alvorleg dersom den er av varig karakter og pregar kvardagen og livsutfaldinga til offeret.¹⁸⁷

Kvar grensa går for kva som er ”*grov eller gjentatt mishandler*” bør etter ei adekvat tolking av lova, forarbeid, rettspraksis og teori forståast slik at første ledd inneholder eit minstekrav om alvorleg mishandling. Andre ledd rammar særleg grov, meir kvalifisert mishandling. Ofte vil det avgjerande etter begge ledd vere om enkelthandlingar eller gjentekne valdsepisodar har ført til at offeret lev under eit ”regime” av kontinuerlig utryggleik og frykt for vald.

7.2 Bør føresegna endrast?

Det er klart at straffelova § 219 legg opp til ei språkleg forvirring då vilkåret ”*grov[t]*” nyttast både i første og andre ledd – men likevel har to ulike tersklar for kor alvorlege eller kvalifiserte handlingane må vere. Dermed kan det vanskeleg seiast at den noverande føresegna er adekvat utforma. Ordlyden og vilkåra gjer det problematisk å fastslå kva handlingar som fell innunder dei ulike ledda, og kva handlingar som ikkje omfattast i det heile. Det er etter mi mening heilt klart at straffebedret ville vore tent med ei endring i utforming og ordlyd. Korleis retten bør vere; *de lege ferenda*, skal avslutningsvis drøftast.

Mi mening er som utgangspunkt at den nye straffelova har vidareført den noverande straffelova § 219 på ein god måte, både når det gjeld utforming og val av ordlyd.¹⁸⁸ Korleis eg meiner dagens § 219 bør endrast, vil og i stor grad vere inspirert av den nye straffelova 2005 §§282 og 283.

Straffelova § 219 første ledd burde vore utforma slik at det gjekk klarare fram kva handlingar som er kvalifiserte nok til å omfattast av denne paragrafen. Eit døme på ei endring kan vere;

¹⁸⁷ LB.2012.8029

¹⁸⁸ Sjå Straffelova 2005 § 282 og § 283

den som ved å true, tvinge, avgrense bevegelsesfridommen til, utøve vold mot eller på annan måte krenker ”*alvorlig eller gjentatt mishandler*”. Ved ei slik endring vil det komme klart fram at mishandlinga må vere alvorleg. Ei enkelhandling må vere alvorleg nok i seg sjølv for å kunne pådømmast etter § 219 i tillegg til at den gjev frykt for nye krenkingar. Fleire valdshandlingar må samla sett vere alvorlege. Ordlyden ”*alvorlig*” vil dermed indikere minstekravet for at ei handling skal omfattast av straffelova § 219 første ledd, og vil vere eit grunnvilkår i føresegna.

I tillegg til dette legg formuleringa ”*Den som ved å true, tvinge, begrense bevegelsesfriheten til, utøve vold mot eller på annen måte krenke, grovt eller gjentatt mishandler...*” opp til ei viss forvirring rundt kva som ligg i omgrepene ”mishandling” i relasjon til det å ”krenke”. Det er uklart om krenkingar som er grove eller gjentatt utgjer mishandling, eller om mishandling er eit sjølvstendig kriterium som kjem i tillegg til at vedkommande må vere krenka. Denne forvirringa kunne ha vore løyst med at ordlyden blei endra til dømes slik: ”*Den som ved å true, tvinge, begrense bevegelsesfriheten til, utøve vold mot eller på annen måte krenke, gjennom krenkelsene grovt eller gjentatt har mishandlet...*”.

Som vist ovanfor, krev andre ledd i straffelova § 219 særleg grov, meir kvalifisert mishandling, før handlingane kan pådømmast etter dette leddet. Då § 219 sitt andre ledd er ein straffeskjerpingsregel, bør ordlyden reflektere dette. Til dømes kan ordlyden i andre ledd lyde ”*Dersom mishandlingen er grov (...)*”, for å vise at terskelen for straff etter andre ledd, er høgare enn etter første ledd. Då første ledd har eit minstekrav om at mishandlinga må vere ”*alvorlig*”, vil ordlyden ”*grov*” vise til meir kvalifiserte, grovare handlingar. Eit anna døme, for å vise at mishandlinga må vere kvalifisert, kan vere ”*Dersom mishandlingen er særlig grov (...)*”. Ordlyden ”*særlig*” vil dermed gje god rettleiing om at det krevjast meir kvalifiserte handlingar før straffeskjerpingsregelen kjem til bruk.

Mi oppfatning er at den noverande straffelova § 219 bør endrast slik det heilt tydeleg kjem fram kva terskel dei ulike ledda i føresegna har. I tillegg til dette burde ordlyden endrast på den måten at det klart går fram at krenkingane som er grove eller gjentekne utgjer mishandlinga. Det burde også kome eksplisitt fram at ein føresetnad for bruken av straffeboet ofte er at både enkelhandlingar og gjentekne valdshandlingar må føre til frykt hjå offeret for ny mishandling.

8. Kjelderegister

8.1 Lov og forskrift

| | |
|-------------------------|---|
| Grunnlova: | L17.05.1814 Kongeriget Noregs Grundlov, given i Rigsforsamlingen paa Eidsvold den 17de Mai 1814 |
| Straffelova: | L22.05.1902 nr. 10 Almindelig borgerlig Straffelov |
| Skadeerstatningslova: | L13.06.1969 nr. 26 Lov om skadeserstatning |
| Partnerskapsloven: | L30.04.1993 nr. 40 Lov om registrert partnerskap. [OPPHEVET] |
| FOR 1997-04.21 nr. 373: | Forskrift om menerstatning ved yrkesskade |
| Straffelova 2005: | L20.05.2005 nr. 28 Lov om Straff |

8.2 Forarbeid

| | |
|------------------------------|--|
| Indst. O. I (1901-1902): | Indstilling fra justiskommiteen angaaende den kongelige proposition til almindelig borgerlig straffelov, en lov om den almindelige borgerlige straffelovs ikraftræden samn en lov, indeholdende forandringer i lov om rettergangsmaaden i straffesager af 1ste juli 1887 |
| Ot.prp nr. 20 (1991-1992): | Om endringer i straffeloven og skadeerstaningsloven m m (seksuelle overgrep mot barn) |
| NOU 2003: 31: | Retten til et liv uten vold. Menns vold mot kvinner i nære relasjoner |
| Ot.prp. nr. 113 (2004-2005): | Lov 21.des.2005 nr. 131: Om lov om oppheving av løsgjengerloven og om endringer i straffeloven mv. (eget straffebud mot vold i nære relasjoner mv.) |
| Innst.O nr. 10 (2005- 2006) | Innstilling fra justiskomiteen om lov om oppheving av lausgjengarlova og om endringar i straffelova o.a. (eige straffebod mot vold i nære relasjoner o.a.) |

| | |
|-----------------------------|--|
| Ot.prp. nr 22. (2008-2009): | Om lov om endringer i straffeloven 20. mai 2005 nr. 28 (siste delproposisjon – slutføring av spesiell del og tilpasning av annen lovgivning) |
| Prop. 97 L (2009-2010): | Lov 25.juni 2010 nr. 46: Endringer i straffeloven 1902 mv. (skjerping av straffen for drap, annen grov vold og seksuallovbrudd) |

8.3 Rettspraksis

Rt. 2013 s. 879

Rt. 2013 s. 329

Rt. 2013 s. 287

Rt. 2012 s. 1313

Rt. 2012 s. 835

Rt. 2012 s. 186

Rt. 2011 s. 1412

Rt. 2011 s. 1403

Rt. 2011 s. 469

Rt. 2011 s. 34

Rt. 2010 s. 949

Rt. 2010 s. 129

Rt. 2009 s. 1336

Rt. 2004 s. 844

Rt. 2004 s. 1556

Rt. 1973 s. 422

LB-2012-080296

LF-2012-033916

8.4 Litteratur

8.4.1 Offentlege dokument

Rundskriv frå Riksadvokaten nr.1/2008:

Mål og prioriteringa for straffesaksbehandlingen i politiet – 2008.
Oslo 14.mars 2008. Riksadvokat Busch, Tor-Aksel

Rundskriv frå Riksadvokaten nr.3/2008:

Familievold. Oslo 23.juni 2008. Riksadvokat Busch, Tor-Aksel

Handlingsplan *Vendepunkt*

Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2008-2011. Tilgjengeleg på regjeringen.no

Dolve, Grønningen (2009):

Dolve, Ingebjørg, Grønningen, Janne: *Vold i nære relasjoner, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse.* Et undervisningsopplegg for nyankomne innvandrere. Vox, 2009.
Tilgjengeleg på internett:
<http://www.vox.no/upload/8858/Deltakerhefte.pdf>

Statsadvokatmøtet 2011:

2011.06.01 Statsadvokatmøtet – oppsummering. Riksadvokat, Busch, Tor-Aksel

Vista Analyse (2012):

Samfunnsøkonomiske kostnader av vold i nære relasjoner. Rapport 2012/41.
Tilgjengeleg på internett: http://www.vista-analyse.no/site/assets/files/6193/va-rapport_2012-41_samfunnsøkonomiske_konsekvenser_av_vold_i_naere_relasjoner.pdf

Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2012

Tilgjengeleg på regjeringen.no

Meld. St. 15 (2012-2013)

Forebygging av bekjempelse av vold i nære relasjoner. Det handler om å leve. Tilsråding fra Jusitis- og beredskapsdepartementet 8.mars 2013. Tilgjengeleg på regjeringen.no

Handlingsplan: *Et liv uten vold*

Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2014-2017. Tilgjengeleg på regjeringen.no

8.4.2 Bøker

- Røstad (1993): Røstad, Helge: *Innkast i straffefeltet: Utvalgte emner i strafferett*, Universitetsforlaget, Oslo 1993
- Isdal (2000): Isdal, Per: *Meiningen med volden*, Kommuneforlaget, Oslo 2000
- Rommetveit (2000): Rommetveit, Magne: *Med andre ord. Den store synonymordboka, bokmål og nynorsk*. Samlaget, Oslo 2000, 2. utgåve
- Eckhoff (2001): Eckhoff, Torstein: *Rettskildelære*, Universitetsforlaget, Oslo 2001, 5. utgåve ved Helgesen, Jan E.
- Utgård (2002): Utgård, Karl Arne: *Juridisk og administrativ ordliste – bokmål-nynorsk*, Det Norske Samlaget, Oslo 2002
- Hellevik (2004): Hellevik, Alf: *Nynorsk ordliste*. Samlaget, Oslo 2004, 9. utgåve
- Haaland, Clausen, Schei (2005): Haaldand, Thomas, Clausen, Sten-Erik og Schei, Berit: *Vold i parforhold – ulike perspektiv. Resultater fra den første landsdekkende undersøkelsen i Norge*. Norsk institutt for by- og regionforskning, Oslo, 2005
- Gisle (2007): Gisle, Jon, mfl: *Jusleksikon*, Kunnskapsforlaget, Oslo 2007, 3. utgåve
- Andenæs (2008): Andenæs, Johs.: *Spesiell strafferett og formuesforbrytelsene*, samlet utgave ved Andorsen, Kjell V., Universitetsforlaget, Oslo 2008
- Matningsdal (2010): Matningsdal, Magnus: *Norsk spesiell strafferett*, Fagbokforlaget, Bergen, 2010
- Bertnes, Kongshavn, Trygstad (2012): Bertnes, Pål A., Kongshavn, Halvor, Trygstad, Kristian Dahle: *Praktisk rettskildelære – juridisk informasjonssøking*, Gyldendal akademisk, Oslo 2012, 4. utgåve

Mæland (2012):

Mæland, Henry John: *Norsk alminnelig strafferett*, vidareføring av tredje utgåve, Justian, Bergen 2004

8.4.3 Artiklar

Leone, Johnson, Cohan og Lloyd (2004):

Leone, Janel M, Johnson, Michael P, Cohan, Catherine L, Lloyd, Susan E: *Consequences of Male Partner Violence for Low-Income Minority Women*. Journal of Marriage and Family 66 (May 2004) Tilgjengeleg på internett:
<http://www.personal.psu.edu/mpj/2004%20JMF%20Leone,%20Johnson,%20&%20Cohan.pdf>

Aas (2013):

Aas, Geir: *Politi og påtalemyndighetens praktisering av familievoldsbestemmelsen (jf. Straffelovens § 219)*, Tidsskrift for strafferett nr. 2/2013 årgang 13.

8.5 Diverse

8.5.1 Media

”Stadig mer anmeldt narkotika og vold i nære relasjoner”

Dagbladet.no:
<http://www.dagbladet.no/2013/07/03/nyheter/anmeldelser/politi/innenriks/28021200/>
Sist lest 04.12.2013

”Kraftig vekst for anmeldelser av vold i nære relasjoner”

Aftenposten.no:
<http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/Kraftig-vekst-i-anmeldelser-for-vold-i-nære-relasjoner-7237652.html#.Uhc8X2R5wsQ>
Sist lest 04.12.2013

8.5.2 Internetsider

Bokmålsordboka & Nynorskordboka, UIO og Språkrådet:

<http://www.nobordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?ordbok=begge>

Lovkommentar til straffelova 1902 av Magnus Matningsdal, Rettsdata.no:

<http://abo.rettsdata.no/browse.aspx?sDest=gL19020522z2D10z2EzA7219>

S.m.l: Store medisinske leksikon, utgitt av Store norske leksikon AS:

http://sml.snl.no/posttraumatisk_stresslidelse

